

# Kartlegging av verdifulle naturtyper i Klepp kommune, Rogaland 2014



Solbjørg Engen Torvik

# **Kartlegging av verdifulle naturtypar i Klepp kommune, Rogaland 2014**

**Ecofact rapport: 431**

**[www.ecofact.no](http://www.ecofact.no)**

<b>Referanse til rapporten:</b>	Torvik, S.E. 2015. Kartlegging av verdifulle naturtypar i Klepp kommune, Rogaland 2014. Ecofact rapport 431, 106 s.
<b>Nøkkelord:</b>	Naturtypar, biologisk mangfald, raudlisteartar, Klepp kommune
<b>ISSN:</b>	1891-5450
<b>ISBN:</b>	978-82-8262-343-8
<b>Oppdragsgivar:</b>	Fylkesmannen i Rogaland
<b>Prosjektleder hos Ecofact:</b>	Roy Mangersnes
<b>Samarbeidspartnarar:</b>	
<b>Prosjektmedarbeidarar:</b>	Knut Børge Strøm
<b>Kvalitetssikra av:</b>	Roy Mangersnes
<b>Framsida:</b>	Roslandsholmen i Horpestadvatnet. Foto: Solbjørg E. Torvik

[www.ecofact.no](http://www.ecofact.no)

## INNHOOLD

<b>1 FORORD</b> .....	<b>1</b>
<b>2 INNLEIING</b> .....	<b>2</b>
<b>3 METODE OG MATERIALE</b> .....	<b>3</b>
<b>4 RESULTAT</b> .....	<b>4</b>
4.1 NATURTYPAR .....	4
4.2 ARTSFØREKOMSTAR.....	8
<b>5 FAKTAARK</b> .....	<b>10</b>
<i>Haugane</i> .....	10
<i>Knappholsmyra</i> .....	12
<i>Syllesbukta</i> .....	14
<i>Engjelsvåg</i> .....	17
<i>Andamarkene</i> .....	20
<i>Asperhølen</i> .....	23
<i>Helleberget</i> .....	26
<i>Kuleberget</i> .....	29
<i>Følberget</i> .....	32
<i>Sveinsvollmarkene</i> .....	34
<i>Vasshus, nord</i> .....	36
<i>Vasshus, vest</i> .....	39
<i>Alvevatnet, nord</i> .....	41
<i>Selekanalen</i> .....	44
<i>Selekanalen, sør</i> .....	47
<i>Åna</i> .....	49
<i>Grudevarden</i> .....	52
<i>Kvernebekken</i> .....	54
<i>Hålandsfjell</i> .....	57
<i>Kleppelunden</i> .....	60
<i>Andaholen</i> .....	63
<i>Ytreholmen</i> .....	65
<i>Laland</i> .....	67
<i>Laland, vest</i> .....	69
<i>Ægrehaug</i> .....	71
<i>Roslandsholmen</i> .....	73
<i>Tinghaug, naturbeitemark</i> .....	75
<i>Tinghaug, hasselkratt</i> .....	78
<i>Grønhaug</i> .....	80
<i>Kvernholen, kystmyr</i> .....	82
<i>Kvernholen</i> .....	85
<i>Mærbakken</i> .....	87
<i>Torvholen</i> .....	90
<i>Pollestadmyra</i> .....	93
<i>Lynghaug</i> .....	96
<i>Ørre</i> .....	98
<b>6 KJELDER</b> .....	<b>100</b>

## 1 FORORD

Ecofact har utført kartlegging av verdifulle naturtypelokalitetar i Klepp kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland.

Prosjektleiar for kartlegginga har vore Roy Mangersnes. Knut Børge Strøm og Solbjørg Engen Torvik frå Ecofact har utført kartleggingsarbeidet i felt. Solbjørg Engen Torvik har skrive områdeskildringane.

Kontaktperson ved Fylkesmannen i Rogaland har vore Audun Steinnes. Eg takkar for god korrekturlesing og konstruktive rettingar av nynorsken!

Sandnes  
20.03.2015



Roy Mangersnes

## 2 INNLEIING

Alle kommunar i Norge har gjennomført kartlegging av viktige naturtypar. Dei siste tiåra har det skjedd mange arealbruksendringar og status på mange av dei tidligare registrerte naturtypane er endra. I tillegg har mange av dei gamle registrerte naturtypane ikkje tilfredsstillande kvalitet i forhold til dei metodane og det omfanget som vert kravd i dag. Fylkesmannen i Rogaland har derfor dei siste åra gjennomført ein prosess med kvalitetsikring av gamle og registrering av nye naturtypar i Rogaland. I den samanheng har Ecofact fått i oppdrag å gjennomføra naturtypekartlegging i Klepp kommune. Det meste av oppdraget blir å gjennomgå tidlegare naturtypekartlegging på nytt. Det har ikkje vore rom for å bruka mykje tid til å leita opp nye område som kunne vore kartlagt innanfor dei økonomiske rammene som var gitt. Ortofoto over Klepp kommune frå «Norge i bilder» frå ulike årsfotograferingar er likevel nytta mykje i undersøkingane og nærliggande område er sjølvsagt til ein viss grad vurdert medan me var ute i felt. Klepp har svært lite igjen av urørt og opphaveleg natur. Kommunen har svært høg arealdekning av intensivt drive jordbruksareal. Naturverdiane som finst vil derfor ofte liggja i mindre område kor tilstanden er meir eller mindre påverka, i kulturlandskapet der ekstensive og eldre metodar har vore nytta og fortsatt er mogleg å registrera, og i restareal mellom dei intensivt drive jordbruksområda og busetnaden som veks fram.

Hovudformålet med prosjektet er å gje Fylkesmannen, kommunane og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i Rogaland, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i planarbeid.

### 3 METODE OG MATERIALE

Feltarbeid og registreringsarbeid er gjennomført i perioden juli til september 2014. Det har kome ut ny Handbok 13 i 2006 (2007 internettutgåve) og denne vert no oppdatert igjen. Det ligg føre forslag om nye inndelingar i naturtypar og nye faktaark for desse naturtypane. Rapportering (avgrensing, skildring og verdisetting) følgjer i stor grad desse forslaga til nye faktaark for Handbok 13 som er under utarbeiding. Dei nye faktaarka var ferdige i ei foreløpig utgåve i juni 2014. DN-handbok nr. 13, 2. utgåve (DN 2007) er likevel nytta for enkelte lokalitetar eller naturtypar der dei nye faktaarka ikkje syntest å vera heit dekkande. Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Likevel er kunnskap om fugl, pattedyr og anna av og til nemnt under lokalitetsskildringane. Områda som vart besøkt, var frå før registrerte i Naturbase, men mange hadde inga eller mangelfull skildring. Naturtypar som ligg innanfor verneområde er ikkje besøkt og skildra, medan dei aller fleste andre er besøkt og vurdert. Nokre vart då vurdert til ikkje lengre å tilfredsstilla krava i dei nye faktaarka, medan andre vart nøyare registrert, verdsett og seinare gitt ei ny skildring og eventuelt ny avgrensing. Nokre få naturtypar vart ikkje besøkt då flybilete viser at dei er heilt øydelagde.

#### *Områdeskildring*

Dei enkelte naturtypelokalitetane er presentert som faktaark som kan leggjast inn i Naturbase. Lokalitetsnamn følgjer stort sett skrivemåten på M711-kart, eller på økonomisk kart. Bruk, tilstand og påverknad, samt skjøtsel og omsyn omtalar konkrete og potensielle framtidige truslar, men er på ingen måte uttømmende for kvar lokalitet. Slutt på beite og annan skjøtsel samt gjødsling er ein trussel som gjeld fleirtalet av lokalitetane knytt til kulturlandskapet. Dette gjeld òg i lokalitetane med myr, men her er drenering og endra hydrologi eller arealendring ein like stor trussel. Hogst og planting av kulturskog er framleis ein stor trussel for edellauvskogane. Fysiske inngrep av ulike slag er ein trussel for dei fleste lokalitetane. Diverre ser ein at forsøpling er eit problem i mange naturområde. Det kan vere generell forsøpling frå turgåarar, dumping av større avfallseiningar, eller det kan vere etterlatne kjøretøy og maskinar som er typisk i kulturlandskapet eller område nær kulturlandskapet.

Det er lagt til eit bilete frå lokaliteten først i faktaarket og mange stader supplert med fleire små bilete på slutten.

#### *Kartavgrensing*


Alle nummererte lokalitetar har vorte digitalisert ut frå manuskart teikna under feltarbeid. Avgrensingane er i all hovudsak gjort med stor presisjon, men enkelte større kompleks, spesielt skogområde, kan vere noko unøyaktig avgrensa i delar av lokalitetane. Kartdata vert levert oppdragsgivar i shape-format. Alle data er i, WGS 84, UTM sone 32 N.

## 4 RESULTAT

### 4.1 Naturtyper


Det er eit ønske å få oppdatert alle naturtyper i Klepp kommune som har ein eldre omtale som ikkje tilfredsstillar dagen krav. Naturtyper som har vorte undersøkt i samband med utgreiingar av Bybåndet, sør i 2012, er derfor ikkje undersøkt på nytt (Oddane, pres. medd.). I denne omgangen er heller ikkje naturtyper som ligg innanfor verneområde undersøkt. For eksempel er ikkje Horpestadvatnet undersøkt og skildra på nytt fordi ein del av det ligg i Orrevatnet naturreservat.

Av 71 undersøkte naturtypelokalitetar i Klepp kommune i 2014, er heile 35 (49 %) lokalitetar av ulike årsakar utgått som viktig naturtype (figur 1 og 2 samt tabell 1). Dei viktigaste årsakene er at området ikkje tilfredsstillar krav til ein viktig naturtype i høve til forslag til nye faktaark eller gjeldande utgåve av Handbok 13 (DN 2007). For stor gjødselpåverknad, atgroing av lokaliteten eller arealinngrep er andre viktige årsakar.



Figur 1. Kartutsnitt over nordleg del av Klepp kommune. Blå polygon viser intakte naturtyper, medan raude polygon indikerer utgåtte naturtyper. Opphavlege naturtyper er vist med grønne horisontale linjer, medan verneområde med raude diagonale linjer.





Figur 2. Kartutsnitt over sørleg del av Klepp kommune. Blå polygon viser intakte naturtypar, medan raude polygon indikerer utgåtte naturtypar. Opphavlege naturtypar er vist med grøne horisontale linjer, medan verneområde med raude diagonale linjer.

Av dei utgåtte naturtypane er det flest *Andre viktige førekomstar*, 12 stk., som ofte ikkje lenger passar inn i nokon naturtype eller ikkje oppfyller krava til naturtype etter dei nye faktaarka. Dernest kjem *Fuktenger*, 7 stk., som ofte ikkje tilfredsstillar krava til *Naturbeitemark* etter nye faktaark. Dette skuldast for mykje gjødsling, attgroing eller oppdyrking.

Lokalitetane som er vurdert til ha intakte naturtypar er 36 stk. (51 %), der 13 stk. er *Naturbeitemark*, 6 stk. er *Kystmyr* og 4 stk. er ulike typar *Skog*. Det er valt å sette 6 av lokalitetane i hovudnaturtype *Andre viktige førekomstar* då dei er vanskelege å plassera og gjerne ikkje heilt tilfredsstillar krava til naturtype etter dei nye faktaarka. Dei fleste er likevel plasserte i ein naturtype og gitt verdi B eller C. Ofte er dei viktige restareal i dette svært intensive jordbrukslandskapet på Jæren. Dei er viktige for planteartane som finst der fordi det ikkje er øydelagt som natur og dei er ikkje minst viktige for våtmarksfugl og andre fuglar, i tillegg til at dei heilt sikkert er viktige for insekt som er ei artsgruppe som ikkje vert tatt omsyn til i slike registreringar. For mange av lokalitetane er areala i større eller mindre grad reduserte eller justerte på grunn av arealendringar eller unøyaktige avgrensingar tidlegare.

Av dei 36 registrerte naturtypane er sju (19 %) verdsett til verdi A (svært viktig), 20 (56 %) har fått verdi B (viktig) og 9 (25 %) har fått verdi C (lokalt viktig). 14 av naturtypane har fått redusert verdi og 18 har halde verdien, medan berre ein har fått høgare verdi. Dei tre naturtypane som er skilt ut av opphavleg avgrensing er ikkje vurdert med her.

Det må til slutt poengterast at nokre av naturtypane som har utgått er fine restområde i ein pressa region, sjølv om dei ikkje tilfredsstillar krava som naturtype. Dei kan i tillegg ha verdi både for vilt og for friluftsliv i området.

Tabell 1. Status på naturtypane i Klepp kommune undersøkt i 2014. Dei fleste er vurdert etter forslag til nye faktaark, men hovudnaturtypen Andre viktige førekomstar følger 2007-utgåva av DN Handbok 13. Dei lokalitetane som er utgått som naturtypar er samla nedst i tabellen. Tabellen fortsett på neste side.

Ecofact 2014 ID	Naturbase ID	Namn	Hovud-naturtype	Naturtype	Status/Endringar	Verdi
Eco002	BN00009134	Haugane	Skog	Rik boreal lauvskog	Intakt	B
Eco003	BN00009209	Knappholmsmyra	Våtmark	Kystmyr	Intakt Redusert verdi pga. drenering og attgroing	B
Eco004	BN00009167	Syllesbukta	Kulturmark	Kystlynghei	Intakt, men mykje attgrodd	C
Eco005	BN00009168	Engjelsvåg	Ferskvann	Rik kulturlandskapssjø	Intakt, redusert i verdi pga. utfylling	A
Eco006	BN00009169	Andamarkene	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt, men redusert areal	A
Eco009	BN00009137	Asperhølen	Andre viktige førekomstar	Naturbeitemark/ Viktig bekkedrag	Intakt, redusert storleik	B
Eco010	BN00009138	Helleberget	Skog	Rik edellauvskog	Intakt, redusert storleik	A
Eco011	BN00009139	Kuleberget	Kulturmark	Naturbeite/myr	Intakt, justert avgrensing	B
Eco012	BN00009140	Følberget	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt, verdi er justert ned pga. lite spesielle artar	C
Eco014	BN00009142	Sveinsvollmarkene	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt, justert avgrensing og redusert verdi	C
Eco016a	BN00009143	Vasshus, nord	Kulturmark	Naturbeitemark	Delvis intakt. Det reduserte arealet er delt i 2 avgrensingar	B
Eco016b	NY	Vasshus, vest	Våtmark	Kystmyr	Delvis intakt. Det reduserte arealet er delt i 2 avgrensingar	B
Eco022	BN00009194	Alvevatnet	Kulturmark	Naturbeitemark	Delvis intakt. Tørrbakkeflora utan spesielle artar. Redusert verdi	B
Eco025	BN00009162	Selekanalen, sør	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt	B
Eco027	BN00009162	Selekanalen	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt, delt i 2 avgrensingar og justert areal	A
Eco029	BN00009190	Åna	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt	B
Eco031	BN00009196	Grudevarden	Skog	Rik edellauvskog	Intakt, justert storleik	C
Eco034	BN00009179	Kvernebekken	Andre viktige førekomstar		Intakt, men redusert areal	C
Eco035	BN00009198	Hålandsfjell	Kulturmark	Kystlynghei	Redusert utstrekning, mykje er utgått pga. skog i aust	B
Eco036	BN00009160	Kleppelunden	Erstatningsbiotop	Park	Redusert utstrekning, mykje er utgått pga. planta sitkagranskog	A
Eco037	BN00009229	Andaholen	Kulturmark	Naturbeitemark	Redusert utstrekning, mykje er utgått pga. dyrking og gjødsling	B
Eco040	BN00009200	Ytreholmen	Skog	Gamal boreal lauvskog	Intakt. Uendra areal og verdi	C
Eco042	BN00009214	Laland	Skog	Gamal boreal lauvskog	Ein liten del er intakt og med same verdi	B
Eco044	BN00009171	Laland, vest	Kulturmark	Kystlynghei	Mykje utgår pga. dyrka. Resten vert behold som ein restlokalitet	C
Eco050	BN00009186	Ægrehaug	Våtmark	Kystmyr	Intakt	B
Eco053b	BN00009155	Roslandsholmen	Andre viktige førekomstar	Fuglegjødsla eng og knaus	Intakt	B
Eco056a	BN00009232	Tinghaug, naturbeitemark	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt	A
Eco056b	NY	Tinghaug, hasselkratt	Skog	Rik edellauvskog	Intakt	B
Eco058	BN00009173	Grønhaug	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt	B
Eco059a	BN00009226	Kvernholen, kystmyr	Våtmark	Kystmyr	Intakt. Delt i to naturtypar	B
Eco059b	NY	Kvernholen	Andre viktige førekomstar	Rik edellauvskog	Intakt. Delt i to naturtypar	C
Eco060	BN00009225	Mærbakken	Kulturmark	Hagemark	Intakt. Redusert areal	A
Eco062	BN00009176	Torvholen	Våtmark	Kystmyr	Intakt	B
Eco063	BN00009177	Pollestadmyra	Våtmark	Kystmyr	Intakt	C
Eco064	BN00009178	Lynghaug	Kulturmark	Naturbeitemark	Intakt	B
Eco066	BN00009153	Orre	Andre viktige førekomstar	Naturbeitemark	Intakt	C

Ecofact 2014 ID	Naturbase ID	Namn	Hovud-naturtype	Naturtype	Status/Endringar	Verdi
<b>UTGÅTTE NATURTYPAR</b>						
Eco001	BN00009208	Hølen	Andre viktige førekomstar		Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco007	BN00009212	Heia	Myr, kjelde	Rikmyr	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco008	BN00009213	Vaule	Andre viktige førekomstar		Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco013	BN00009141	Grønnefeden	Skog	Rik boreal lauvskog???	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco015	BN00009195	Sveinsvollmarkene	Myr, kjelde	Intakte lavlandsmyrer	Utgår. Grøfing og rydding av stein finn stad i 2014	
Eco017	BN00009144	Vasshus	Småbiotop		Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco018	BN00009146	Sveinsvoll	Andre viktige førekomstar		Utgår. Delvis dyrka opp, delvis svært oppkjøyd	
Eco019	BN00009147	Kvitemyr	Kulturmark	Fuktenger	Utgår. Gjengrodd, mye er ikkje fuktig, litt takrørsump i midten	
Eco020	BN00009150	Langholskrossen	Småbiotop		Utgår. Dyrka	
Eco021	BN00009149	Langholskrossen	Sørvendt berg og rasmark	Sørvendt berg og rasmark	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco023	BN00009163	Sele	Småbiotop	Åkerholme	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco024	BN00009192	Sele		Kantkratt	Utgår. Gjengrodd, Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco025	BN00009193	Sele		Takrør	Innlemma i Eco027, Selekanalen	
Eco026	BN00009191	Sele	Kulturmark	Fuktenger	Utgår. Delvis alt for høgt beitepress/opptråkka, tilleggsføring av dyra	
Eco028	BN00009159	Tangarhaug	Andre viktige førekomstar	Reinsepark	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco030	BN00009197	Sporafjell	Andre viktige førekomstar		Utgår. Gjengrodd. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco031b	BN00009180	Grudevarden	Kulturmark	Fuktenger	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco032	BN00009182	Lende	Andre viktige førekomstar		Utgått. Halve lokaliteten er dyrka opp, resten er takrørsump med mykje framande arter (spirea)	
Eco033	BN00009181	Krokhol	Kulturmark	Fuktenger	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco038	BN00009230	Andabakken	Andre viktige førekomstar		Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco039	BN00009201	Sandholmen	Kulturmark	Fuktenger	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco041	BN00009170	Gunnarsberget	Skog	Gamal lauvskog	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco043	BN00009215	Laland	Skog	Bjørkeskog m høgstauder	Utgår pga. inngrep	
Eco045	BN00009216	Laland	Andre viktige førekomstar		Utgår pga. inngrep og dyrking.	
Eco046	BN00009231	Laland	Kulturmark	Fuktenger	Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco047	BN00009199	Øvregård	Andre viktige førekomstar		Utgår pga. inngrep, gjødsling og hindret av grunneigar	
Eco048	BN00009174	Øvregård	Andre viktige førekomstar		Utgår pga. inngrep, gjødsling og hindret av grunneigar	
Eco049	BN00009187	Ægrehaug	Kulturmark	Kystlynghei	Utgår. Gjengrodd med skog	
Eco051	BN00009187	Lyngtangen	Kulturmark	Fuktenger	Utgår. Dyrka	
Eco052	BN00009218	Ragabaktangen	Småbiotop		Utgår. Tilfredstillar ikkje krav til verdisetting som naturtypelokalitet	
Eco054	BN00009228	Brautmarka	Andre viktige førekomstar		Utgår. Gjødsla, overflatedyrka	
Eco055	BN00009227	Haugemarkene	Andre viktige førekomstar		Utgår. Gjødsla, delvis opparbeidd, dyrka el. overflatedyrka	
Eco057	BN00009175	Tuholm	Andre viktige førekomstar		Utgått. Utbygd	
Eco061	BN00009175	Saltemarkene	Myr, kjelde	Intakt låglandsmyr	Utgår. Svært høgt beitetrykk og slitasje. Gjødselpåverka	
Eco065	BN00009158	Skeieskogen	Sanddyne		Utgått pga. endringar på campingplassen	

## 4.2 Artsførekomstar

Det vart registrert ei rekke artar og nye vekseplassar for artar som står oppført i den siste raudlista for artar i Norge (Kålås mfl. 2010). Desse er samla i tabellen under (tabell 1). Her er det også oppført registrerte svartelisteartar frå lokalitetane (Lindgaard & Henriksen 2011). I tillegg er det tatt med ein del andre indikatorartar som er med på å gje eit område høgare naturverdi.

Tabell 2. Artsliste over raudlisteartar (Kålås mfl. 2010) og enkelte indikatorartar registrert under eige feltarbeid i 2014, samt frå kjeldene Artskart\* og Temakart Rogaland\*\*. RL = raudlistestatus. Berre Ecofact ID er nemnt. Alle funn er lagt inn i Artskart.

Norsk namn	Vitskapeleg namn	RL	Ecofact ID	Stad	Årstal registrert
Granttjønnaks	<i>Potamogeton pusillus</i>	EN	Eco005	Engjelsvåg	1967*
Grå punktflav	<i>Punctelia subrudecta</i>	EN	Eco036	Kleppelunden	2014
Smalsøte	<i>Gentianella uliginosa</i>	EN	Eco056/056	Tinghaug	1997**
Barliind	<i>Taxus baccata</i>	VU	Eco010	Helleberget	2014
Barliind	<i>Taxus baccata</i>	VU	Eco036	Kleppelunden	2014
Barliind	<i>Taxus baccata</i>	VU	Eco040	Ytreholmen	2014
Liten praktkrinslav	<i>Parmotrema chinense</i>	VU	Eco036	Kleppelunden	1970*, 1977*, 1978*
Liten praktkrinslav	<i>Parmotrema chinense</i>	VU		Langs Frøylandsvatnet	2014
Nikkebrønsle	<i>Bidens cernua</i>	VU	Eco005	Engjelsvåg	2014
Nikkebrønsle	<i>Bidens cernua</i>	VU	Eco006	Andamarkene	2014
Nikkebrønsle	<i>Bidens cernua</i>	VU	Eco025	Selekanalen, sør	2014
Nikkebrønsle	<i>Bidens cernua</i>	VU	Eco027	Selekanalen	2014
Nikkebrønsle	<i>Bidens cernua</i>	VU	Eco062	Torvholen	2014
Solblom	<i>Arnica montana</i>	VU	Eco056	/056 Tinghaug	1998**
Solblom	<i>Arnica montana</i>	VU	Eco059b	Kvernholen	1997**
Solblom	<i>Arnica montana</i>	VU	Eco034	Kvernebekken	Naturbase (2000)
Solblom	<i>Arnica montana</i>	VU	Eco035	Hålandsfjell	Naturbase (2000)
Solblom	<i>Arnica montana</i>	VU	Eco056/056	Tinghaug	1996**, 1998**, 2002**
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	NT	Eco036	Kleppelunden	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco036	Kleppelunden	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco009	Asperhølen	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco010	Helleberget	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco011	Kuleberget	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco031	Grudevarden	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco034	Kvernebekken	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco035	Hålandsfjell	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco036	Kleppelunden	2014, 2008*
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco042	Laland	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco056a	Tinghaug	2014
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Eco060	Mærbakken	2014
Jærsiv	<i>Juncus foliosus</i>	NT	Eco011	Kuleberget	2014
Jærsiv	<i>Juncus foliosus</i>	NT	Eco029	Åna	1988**
Kvitkurle	<i>Pseudorchis albida</i>	NT	Eco056/056	Tinghaug	1966*, 1998**
Vestlandsvikke	<i>Vicia orobus</i>	NT	Eco056/056	Tinghaug	1941*, 1984*
Kalksvartburkne	<i>Asplenium trichomanes</i> ssp. <i>quadrivalens</i>	LC	Eco010	Helleberget	2014
Kalksvartburkne	<i>Asplenium trichomanes</i> ssp. <i>quadrivalens</i>	LC	Eco036	Kleppelunden	2014
Kusymre	<i>Primula vulgaris</i>	LC	Eco010	Helleberget	2014
Kusymre	<i>Primula vulgaris</i>	LC	Eco035	Hålandsfjell	2014
Kusymre	<i>Primula vulgaris</i>	LC	Eco036	Kleppelunden	2014
Mørkfiolett slørsopp	<i>Cortinarius violaceus</i>	LC	Eco059b	Kvernholen	2014
Svartarteknapp	<i>Lathyrus niger</i>	LC	Eco059b	Kvernholen	2014
Svartarteknapp	<i>Lathyrus niger</i>	LC		Sele, tidl. BN00009192	2014



*Figur 3. Nikkebrønsløse (VU) i Torvholen.  
Foto: Knut Børg Strøm.*



*Figur 4. Liten praktkrinslav (VU) på seljetre langs  
Frøylandsvatnet. Foto: Solbjørg E. Torvik.*



*Figur 5. Jærsiv (NT) frå Kuleberget.  
Foto: Solbjørg E. Torvik.*



*Figur 6. Mørkfiolett slørsopp frå Kvernholen.  
Foto: Solbjørg E. Torvik.*



*Figur 7. Grå punktlav (EN) frå Kleppelunden.  
Foto: Solbjørg E. Torvik.*

## 5 FAKTAARK



### *Haugane*

**Naturbase ID:** BN00009134

**Ecofact ID:** Eco002

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 28.07.2014

**Areal:** 14,8 daa

**Hovudnaturtype:** Skog (F)

**Naturtype:** Rik boreal lauvskog (F04), Rik sump og kjeldeskog (F06)

**Delnaturtype:** Høgstaudebjørkeskog (F0401), Varmekjær kjeldeskog (F0604)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 28.7.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god, men er noko justert i høve til tidlegare. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Rik boreal lauvskog* (Jansson, 11.06.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg i ein nordvendt skråning ned mot Lonavatnet i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt

(NGU). Dette er sure, fattige bergartar, men over ligg eit tjukt lausmassedekke av morenemateriale i øvre, og breelvavsetning i nedre del. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Skogen er i hovudsak bjørkeskog, men med innslag av rogn, hassel, svartor og selje. Stor førekomst av storbregnar og høgstauder plasserer lokaliteten som delnaturtypen *høgstaudebjørkeskog* (F0401) som tilsvargar *høgstaude-bjørke-utforming* (C2a) hos Fremstad (1997). I dei nedre, fuktige områda er svartor stadvis ein mengdeart. I delar av skogen er dei store bregnane skogburkne og sauetelg dominerande. Elles er høgstauder som bringebær, mjødukt, vendelrot, sølvbunke, enghumbleblom, myrtistel og sløke meir vanlege. Andre artar i feltsjiktet er hengjeveng, skogsnelle, blåtopp engsnelle, krypsoleie, engsyre, sumphaukeskjegg og bukkeblad. Blodtopp og hanekam er interessante artar som er mindre vanlege i kommunen karakteristiske for fuktige litt rikare beitemarker. Stortujamose og rottehale mose er vanlege i botnsjiktet. I den brattaste delen i skogen er forholda tørrare. Skogen er ikkje spesielt gamal, det kan ha vore beitemark her tidlegare. Dei eldste trea står i den brattaste hallinga. Litt kontinuitetspreg finst likevel med både mosegrodde læger og gadd med kjuker på. Artar som svartor, engsnelle og sumphaukeskjegg kan tyda på at delar av skogen bør først til rik sump- og kjeldeskog, deltype Varmekjær kjeldeskog.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert, men det vurderast å vere potensial for å finna slike om ein brukar meir tid. Særleg innanfor gruppene lav og sopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Skogen synest ikkje å vere i bruk som beite no. I seinare år har det vorte hogge litt i utkanten av skogen i vest, men det er ikkje spor av hogst inni skogen. Det ligg restar etter ein gamal bil i skråninga.

*Framande artar:*

Platanlønn (SE) veks spreidd i lokaliteten, raudhyll (HI) og svarthyll (LO) meir sporadisk.

*Skjøtsel og omsyn:*

Det er ikkje funne artar som krev beite, men beite er likevel ein fin måte å halde skogen open på. Framande artar bør nedkjempast og i særleg grad platanlønn.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria tilseier storleik og habitatkvalitet middels vekt. Lokaliteten har stort artsomangfald. Verdien vert sett til *viktig* (B).



### *Knappholsmyra*

**Naturbase ID:** BN00009209

**Ecofact ID:** Eco003

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 28.07.2014

**Areal:** 40 daa

**Hovudnaturtype:** Våtmark (A)

**Naturtype:** Kystmyr (A11)

**Delnaturtype:** Anna kystmyr (A1104) 80 %, med innslag av Rikmyr (A05) - Open intermediær- og rikmyr i låglandet (A0501) 20 %.

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 28.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Avgrensinga som er gjort på grunnlag av synfaring og ortofoto, er berre litt redusert i høve til tidlegare og vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystmyr* (Lyngstad, Moen & Øien, 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg like sørvest for Lonavatnet i Klepp kommune og er eigentleg ein del av våtmarkssystemet som omkransar vatnet. Lokaliteten er omkransa av fulldyrka mark på alle kantar. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og



migmatitt, medan lausmassane er torv og myr (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Vegetasjonen varierer noko mellom fuktig myrvegetasjon og tørrare grasdominerte område. Dei tørre områda er nok eit resultat av drenering. Vegetasjonen ber likevel framleis tydeleg preg av fattig minerotrof myrvegetasjon. Det er mest fuktig i nordaust og vanlege artar er bukkeblad, vendelrot, øyrevier, flaskestorr, slåtestorr og skogørkvein. Artar som helst finst i mellomrik myr er engminneblom, sumpmaure, myrfiol, mjødukt, mjølkerot, bekkeblom og myrhatt. Desse områda kan karakteriserast som intermediær Lenger vest kjem det inn meir lyng, og myra vert meir tuete av blåtopp og smyle. Artar som klokkelyng, røsslyng, pors, blåbær, tranebær, skrubbær, torvmyrull, rome og rund soldogg er vanlege. Attgroingsartane er bjørk, rogn, selje og øyrevier. Lokaliteten har stort og representativt artsmangfald.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlistearter vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Delar av lokaliteten vert beita av hest. Det går ein kanal gjennom lokaliteten som fører vatn ut i Lonavatnet. Dette fører til drenering og sterk attgroing. Spesielt sør for kanalen er lokaliteten langt på veg gått over til å vere skog. Det er valt, under sterk tvil, å inkludera dette i avgrensinga fordi det ved rask og riktig skjøtsel er sannsynleg at området kan restaurerast tilbake til myr.

*Framande artar:*

Ingen registrerte.

*Skjøtsel og omsyn:*

Dersom lokaliteten skal oppretthaldast som myr må skogvegetasjonen fjernast og helst bør grunnvassnivået hevast. Beite av hest eller storfe bør oppretthaldast.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ei myr som framleis har gode biologiske kvalitetar i eit intensivt drive jordbrukslandskap kor myrareal har gått sterk attende. Slike område er viktige for å bevare eit rikt og variert artsmangfald. Nærleiken til Lonavatnet gjer at området står sterkare som naturområde.

*Verdigrunning:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria tilseier tilstand/hydrologi låg vekt. Lokaliteten er tydeleg påverka av drenering, og attgroinga er komen langt. Tiltak vil kunne reversera utviklinga, og er naudsynt for at lokaliteten ikkje skal verte heilt øydelagt. Tiltak vil kunne heva verdien til naturtypen. Storleik og regional tilhøyring - kva vegetasjonssone lokaliteten ligg i, tilseier middels vekt. Myr i intensive jordbruksområde er under sterkt press og verdien vert derfor under tvil sett til *viktig* (B).



### *Syllesbukta*

**Naturbase ID:** BN00009167

**Ecofact ID:** Eco004

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 29.07.2014

**Areal:** 30 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap (D)

**Naturtype:** Kystlynghei (D07)

**Delnaturtype:** Fattig fukthei (D0708)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 29.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for kystlynghei (Jordal, 02.06.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på ein liten odde nord i Frøylandsvatnet ved Engelsvoll i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU).

Lausmassedekket er delvis tjukt morenemateriale og delvis torv og myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten består i stor grad av relativt fuktige område dominert av blåtopp som veks veldig tuete, og slåttestorr, delnaturtype *fattig fukthei* (D0708). I nord er det mest rein blåtoppdominans, men med jamn førekomst av bjørnebær og området er betydeleg attgrodd med bjørk, rogn, furu og sitkagran. Nokre av trea er nokså store. Stadvis er det tydeleg at lyngen har vorte skygd ut. Lenger sør er det større innslag av lyngplantar som blokkebær, røsslyng, pors, klokkeling og blåbær. Eit myrområde er litt meir ope enn resten av lokaliteten. Her finst i tillegg til lyng torvmyrull, flaskestorr, bjønnskjegg, tyttebær, krekling, rund soldogg og tranebær. Likevel er det også her betydeleg attgroing med små bjørketre og furuer. Dei største trea finst i nord og i sør av lokaliteten og langs vegen og jernbanen.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlistearter vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Området er ikkje i bruk med hevd. Det går turveg gjennom området langs vatnet. Jernbanelinja har skore lokaliteten av i vest.

*Framande artar:*

Det veks ein del sitkagran, platanlønn og buskfuru (alle svært høg risiko) i lokaliteten.

*Skjøtsel og omsyn:*

Det er naudsynt å rydda det meste av skogen i store delar av lokaliteten, både store tre og små oppslag. Det ville vere ein fordel om området òg kunne brennast for å fjerna gamal lyng og tjukt strølag som har lagt seg opp. For å oppretthald noko vern/ly eller skjul kan nokre av trea stå for eksempel langsmed jernbanen. Likevel må alle førekomstar av framande artar som sitkagran og platanlønn fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:*

Kystlynghei er ein naturtype som var meir utbreidd i kystnære område og på Jæren tidlegare. Kystlyngheilandskapet er under sterkt press grunna lite beite og attgroing. Denne lokaliteten ligg på grensa til utbreiinga av kystlynghei i regionen og representerer ein viktig restlokalitet av naturtypen.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria tilseier storleik middels vekt, medan tilstand og raudlistearter tilseier låg vekt. Dette gjer at området vert sett til verdi *lokalt viktig* (C). Dersom skjøtsel raskt vert sett inn, vil ein kunne redde kystlyngheia som naturtype og sannsynlegvis vil verdien etter kvart auka dersom lokaliteten vert halden open.




*Myrområdet i sør.*



*Nordleg del av lokaliteten med mykje daud røsslyng. Blåtoppdominert område med bjørnebær.*





## *Engjelsvåg*

**Naturbase ID:** BN00009168

**Ecofact ID:** Eco005

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 29.07.2014

**Areal:** 59 daa, innsjøarealet er 47 daa (NVE)

**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/Våtmark (E)

**Naturtype:** Rik kulturlandskapssjø (E08)

**Utforming:** Takrøyr-sivaks-sump (O5), Rik takrøyr-utforming (O5b), Flyteblad-vegetasjon, nøkkerose-utforming (P2a)

**Verdi:** A

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 29.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

## **Områdeskildring**

### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Avgrensinga er berre i liten grad justert i høve til tidlegare, er sett på grunnlag av ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer faktaark i DN Handbok 13 (2007) for *Rik kulturlandskapssjø* (E08) då parameterane i nye faktaark ikkje er tilfredsstillande undersøkt. Fremstad (1997) er nytta for vegetasjonsutformingar.

*Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg litt vest for nordenden av Frøylandsvatnet ved Engelsvoll i Klepp kommune. Opphavleg var tjørna ein del av Frøylandsvatnet som vart snørt av då jernbanen vart bygd. Tidlegar var derfor tjørna større i aust då det gjekk heilt bort til jernbanelinja. No er vasskanten ca. 100 m frå jernbanelinja og det er ei dyrka mark mellom. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt med tjukt morenemateriale over (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Engjelsvåg er ei eutrof/næringsrik tjørn i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Kring det meste av tjørna grensar lokaliteten til fulldyrka marker eller hagar, gjerne med ei kantsone av tre eller buskar. Kantsona er i stor grad av selje, bjørk, raudhyll og svarthyll. Vidare er det ei sone av varierende breidde med siv-, gras- og halvgrasartar rundt mest heile tjørna som gjer det vanskeleg å komma ned til vasskanten. Vanlige artar i dette beltet er store bestandar av takrøyr, sjøsivaks, flaskestorr, elvesnelle og innimellom er det myrhatt, gulldusk, vendelrot, breitt dunkjevle, mjødurt, bringebær, sløke og blodtopp. Vegetasjonen i kantsona er ikkje kartlagt i detalj, men *takrøyr-sivaks-sump* er hovudvegetasjonen og *rik takrøyr-utforming* (O5b) er vanleg med innslag av *dunkjevle- og sivaks-utformingar*. I vatnet er det mykje gul nøkkerose, tjønnaksartar, andemat og kvit nøkkerose. Dette gir *flyteblad-vegetasjon* med *nøkkerose-utforming* (P2a). Det er sannsynleg at ein vil finna fleire vegetasjonsutformingar ved meir detaljerte undersøkingar. Tjørna er under attgroing frå takrøyr/sivbeltet i kantsonene, og i vekstsesongen er tjørna stadvis svært tildekt av nøkkeroser og andre flytebladplantar.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart funne under feltarbeidet denne gongen, men nikkebrønsle (VU) vart funne kring vatnet ved førre registrering. I Artskart er det også eit funn av granntjønna (EN) i vatnet frå 1967. I tillegg er registrert ei rekke raudlista fuglar i vatnet. Det er potensial for å finna fleire sjeldne planteartar ved ei meir detaljert undersøking av vegetasjonen i vatnet frå båt.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Tjørna er eutrofiert og under attgroing. Det er framleis ein stor vasspegel, men om sommaren er denne betydeleg redusert og somme år er det ei todelt vassflate. I seinare år er ein hage opparbeidd heilt ned til vasskanten med båtutslepp/strand og steinsett kant. Det er inga beiting i, eller ned til lokaliteten.

*Framande artar:*

Raudhyll (høg risiko) og svarthyll (låg risiko) var vanlege i kantsona fleire stader rundt tjørna. Ved gartneriet på sørsida av tjørna veks fleir framande buskar.

*Skjøtsel og omsyn:*

Utslepp og avrenning av næringsstoff frå jordbruket bør avgrensast i størst moglig grad. Næringsinnhaldet i vatn og botnmassar er truleg likevel så stort at attgroinga vil halda fram om ikkje tiltak vert sett inn over tid. Det kan vere aktuelt å hindra gjengroing i delar av lokaliteten som er mest utsett for det, gjeld spesielt i nord.

*Del av heilskapleg landskap:*

Engjelsvåg var tidlegare ei vik i Frøylandsvatnet og er med på å gje området eit variert uttrykk.

*Verdigrunngeving:*

Ut frå verdsettungskriteria i Handbok 13 (2007) får lokaliteten verdi svært *viktig* (A) då det er ei velutvikla utforming i et intensivt drive jordbruksområde med rikt og representativt artsinventar. Det er potensial for å finna fleire sjeldne artar.



*Begge foto frå den nordvestlege delen av vatnet. Lokaliteten er også ein viktig fuglelokalitet.*



*Utsyn mot gartneriet frå hagen som går heilt ned til vatnet i nordaust.*



### *Andamarkene*

**Naturbase ID:** BN00009169

**Ecofact ID:** Eco006

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 29.07.2014

**Areal:** 57 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04) i mosaikk med kystlynghei (D07)

**Delnaturtype:** Fattig beiteeng (D0430), rik beiteeng (D0431), beitevåteng (D0432), fuktig fattighei (D0708)

**Verdi:** A

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 29.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert grunna gjødselpåverknad i vestleg del. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg i Andamarkene rett nord for byggefeltet på Engelsvoll i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og



migmatitt (NGU). Lausmassedekket er tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseaensk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

#### *Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ei svært artsrik naturbeitemark i svakt hallande terreng. I øvre og nordlege delen er det tørrare forhold enn lengre ned og sør i lokaliteten. Delnaturtypen lengst nord kan karakteriserast som *fattig beiteeng* (D0430) eller kystlynghei, *fuktig fattighei* (D0708) som gradvis går over i både fuktigare og rikare område mot sør kor delnaturtypene *rik beiteeng* (D0431) og *beitevåteng* (D0432) kjem inn. Nordleg del av lokaliteten er grasdominert med engreverumpe, blåtopp, gulaks og finnskjegg, men med relativt stort innslag av lyng, kløkkelyng, røsslyng, blokkebær, krypvier, samt litt krekling og tyttebær. I den rike beiteenga og beitevåtenga i sør, og i fuktsiget som kjem frå vassholet veks fleire kalk- og næringskrevjande artar som jåblom, myrsaulauk, myrsnelle, småpiggnopp, brunmakkrose *Scorpidium cossonii*, sumpbroddmose *Calliergonella cuspidata*, myrstjernemose *Campylium stellatum* og vrangnøkkemose *Sarmentypnum exannulatum*. Førekomsten av jåblom var stor og spreidd over eit stort område i den fuktige delen av naturbeitemarka. Elles i naturbeitemarka, finst blant anna harestorr, stjernestorr, slåttestorr, kornstorr, flaskestorr, bjønnskjegg, heisiv, knappsiv, engfrytle, engrapp, finnskjegg, gulaks, geitsvingel, torvmyrull, haustengkall, engsyre, veikveronika, bekkestjerneblom, dikeminneblom, myrhatt, myrfiol, tettegras, tepperot, bukkeblad, grøftsoleie, kjertelaugnetrøst, flekkmarhand, kystmyrklegg, skogstjerne, kløkkelyng og røsslyng. Rome og torvmosar finst berre i liten grad. Ved vassholet veks det nikkebrønsele med stor, fin førekomst, samt elvesnelle, flaskestorr og mjuksivaks, paddesiv og sterile sverdliljer. Vassholet var uttørka og utan vatn, berre i midtpartiet var det fuktig leire under feltarbeidet. 2014 var ein spesielt varm og tørr sommar. Lengst sør vert kulturartar meir vanlege, slik som kvitkløver, raigras, timotei, løvetann mfl.

#### *Artsmangfald:*

Raudlistearten nikkebrønsele (VU) har ein stor, fin førekomst på nordsida av det litle vassholet i marka. Elles er det fleire rikmarksartar i store delar av naturbeitemarka.

#### *Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten er i bruk som beite for storfe og har lita eller inga attgroing. Einer er litt utbreitt i nord. Beitepresset synest greitt, men er noko ujamnt med større press i dei sørlegare områda og omkring dammen som nyttast til drikkeplass. Vegetasjonen vitnar om lite gjødselpåverknad.

#### *Framande artar:*

Små, enkelttre av sitkagran veks i nord og haustberberis (begge svært høg risiko) vart òg registrert.

#### *Skjøtsel og omsyn:*

Framandarten sitkagran bør fjernast heilt i hele lokaliteten. Elles bør einer, som finst mest i nord, overvakast slik at den ikkje breier seg for mykje. Storfebeite eller eventuelt saubeite bør oppretthaldast på dagens nivå og det må ikkje gjødselast i lokaliteten. Ein bør også unngå gjødsling som kan gi avrenning til denne, dette gjeld mest frå sør. Tilleggsføring av beitedyra bør ikkje finne stad i lokaliteten då føringsplassar får lokalt stor gjødslingseffekt og gir grunnlag for indirekte gjødsling av lokaliteten elles. Føringsplass bør heller plasserast nærare enn 200 meter i den gjødsle delen av beitemarka i sør kor storfeet også går.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ei fin utforming av ugjødsla naturbeitemark i eit elles sterkt intensivt drive jordbruksområde. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunninging:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria får alle kriteria høg vekt i lokaliteten og verdien vert difor *svært viktig* (A). Lokaliteten er stor og med eit sjeldan stort og rikt artsmangfald, inkludert ein fin bestand av ein sårbar (VU) raudlisteart. Tilstand og hevd i lokaliteten er svært god, utan attgroing, passe beitepress, lite gjødselpåverknad og framande artar.

*Nikkebrønsle (VU)**Jåblom**Flekkmarihand**Småpiggnopp**Rik variasjonen av blomar, lyng og gras.*



### *Asperhølen*

**Naturbase ID:** BN00009137

**Ecofact ID:** Eco009

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 29.07.2014

**Areal:** 24 daa

**Hovudnaturtype:** Andre viktige førekomstar (H)

**Naturtype:** Viktig bekkedrag (E06, DN Handbok 13 - 2007), Naturbeitemark (D04, nye faktaark 2014)

**Utforming/Delnaturtype:** Bekk i intensivt drive kulturlandskap (Handbok 13), Beitevåteng (D0432)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 29.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert grunna gjødselpåverknad. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær god. I vurdering og verdsetting av lokaliteten er både DN Handbok 13 (2007) for naturtypen *Viktig bekkedrag* (E06), òg forslag til nye faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014) nytta. Sidan naturtypen ikkje er eintydig og vurderinga ikkje konsistent i høve til litteratur, er det valt å plassera lokaliteten til hovudnaturtypen til *Andre viktige førekomstar* (H) etter DN Handbok 13 (2007).

*Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg langs elva Figgjo vel ein kilometer vest for Lonavatnet. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt med tjukt dekke av bre-, elv- og bekkeavsetningar (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten omfattar både elveløp og landareal på holmar i elveløpet og langs breidda på nordsida av elva. Tidlegare var naturtypen sett til *Fuktenger*, som etter forslag til nye faktaark tilsvarar delnaturtypen *Beitevåteng* (D0432) under *Naturbeitemark* (D04). Dette er den naturtypen som er mest relevant brukt på landområda, men lokaliteten tilfredsstillar ikkje krava til avgrensing som viktig naturtype åleine. I denne regionen vil også naturtypen *Viktig bekkedrag* (E06, etter DN Handbok 13 - 2007) vere dekkjande for lokaliteten og inkluderer då både landområda og elveløpet som er ein viktig økologisk faktor i området. Denne naturtypen er tatt ut i forslag til viktige naturtypar for ny Handbok 13 og hovudnaturtypen til denne lokaliteten vert derfor sett til *Andre viktige førekomstar* (H).

Lokaliteten er svært artsrik og syner eit artsmangfald som høyer til både i ei naturbeitemark og til eit elve-/bekkeløp. Lokaliteten husar en del tre og buskar. I beitemarka finst ei nokså stor eik, men verken storleik, holrom eller raudlistearter gjer at ho kan registrerast som eigen naturtype. Elles finst det spreidd med bjørk, rogn, svartor, grønpil, øyrevier og ask. I beitemarka veks sølvbunke, englodnegras, nyseryllik, krypsoleie, engminneblom, mjødukt, harestorr, knereverumpe, lyssiv, strandvindel, stornesle og høymole. Langs elvebreidda og i elva er takrøyr og strandrøyr dei store vegetasjonsdannande grasa. Innimellom veks myrhatt, bukkeblad, kattehale, vendelrot, mjødukt, gulldusk, blodtopp, bekkeblom, flaskestorr, elvesnelle, grøftesoleie og sløke. Kjempepiggnopp og småpiggnopp syner næringsrikt vatten.

*Artsmangfald:*

Ask (NT) finst i lokaliteten, men berre med små, unge eksemplar.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Beitemarka nord for elva vert beita av storfe som kan gå heilt ned til elvebreidda i den nordlege halvdelen av lokaliteten. Kor mykje dei kjem ut på holmane er uvisst. Beitemarka som grensar til lokaliteten i nordaust er gjødsla, medan den vestlege delen er fulldyrka mark. Naturbeitemarka som er avgrensa er derfor noko gjødselpåverka.

*Framande artar:*

Mykje spirea veks tette nedtil elva og på holmane (ulike artar varierer mellom låg- og høg risiko). Sitkagran platanlønn og haustberberis (alle svært høg risiko) vart registrert, dessutan småblada mispel (ulike artar varierer frå låg- til svært høg risiko).

*Skjøtsel og omsyn:*

Det er ønskeleg med minst mogleg gjødselpåverknad frå beitemarka i skråninga opp mot vegen. Eika bør få stå urørt og utvikla seg fritt. Det er viktig å halde fram med storfebeite for å halde elvebreidda open.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten utgjer ein liten del av elva, Figgjo, som er eit verna vassdrag. I landskaps-samanheng har denne delen av Figgjo fine element med fleire elveløp og små holmar som skapar variasjon samstundes som området er i bruk med ekstensivt beite av storfe.

*Verdigrunninging:*

Ut i frå kriteria i DN Handbok 13 - 2007, er dette eit bekkedrag med tilnærma intakte kantsoner i intensivt drive jordbrukslandskap, og er derfor vurdert til verdi viktig (B). Den delen av naturtypen som er beitevåteng når ikkje høgare enn til verdi lokalt viktig (C) på grunn av artsførekomstar og gjødselpåverknad. Samla sett er likevel lokaliteten vurdert å ha verdifulle landskapsverdiar og verdien vert sett til *viktig* (B).



*Bekkeløpet med kantsoner.*



*Naturbeitemarka.*



### *Helleberget*

**Naturbase ID:** BN00009138

**Ecofact ID:** Eco0010

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 29.07.2014

**Areal:** 6,9 daa

**Hovudnaturtype:** Skog (F)

**Naturtype:** Rik edellauvskog (F01)

**Delnaturtype:** Lågurteikeskog (F0101), Lågurthasselkratt (F0103) og Store gamle tre, eik (D1207)

**Verdi:** A

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 29.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær god (< 20 m).

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert ein del. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Rik edellauvskog* (Brandrud 19.05.2014).

*Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg i aust-, sør- og vestskråninga av Helleberget på Stangeland, på grensa mellom Klepp og Sandnes kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU). Lausmassedekket er tjukt morenemateriale, men i hellinga stikk berget fram. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten har ein svært artsrik flora. Inntil den brattaste skrenten er det ein del eik med nokre relativt store, gamle eiketree med omkrins på rundt 200 cm og heilt opptil 240 cm. Skogen er i hovudsak *Lågurteikeskog* (F0101) som er ein raudlista naturtype i kategori nær trua (NT) (Lindgaard & Henriksen 2011). Dei grovaste eikene kvaliviserer til eigen naturtype, *Store gamle tre*, eik (D1207) som har status som utvald naturtype. Det vart ikkje funne holrom i trea. Særleg i vest og sør er det ein del hassel som gir delnaturtypen *Lågurthasselkratt* (F0103) og som vart vurdert som sterkt trua (EN) av Fremstad & Moen 2001. Den sørlegaste delen av lokaliteten som òg er mindre bratt, har nok frå gammalt av vore beita. Feltvegetasjonen er for ein stor del rik og frodig med artar som indikerer rikt og friskt jordsmonn. Andre stader er det meir berglendt og bratt. I tillegg til artar nemnd under artsmangfald, finst blant anna smyle, englodnegras, smalkjempe, blåklokke, gulaks, kratthumleblom, knollerteknapp, skogfiol, raud jonsokblom, gjerdevikke, blåknapp, tviskjeggveronika, skjermsvæve, stankstorkenebb, gaukesyre, skogburkne og sisselrot. Kystkransemose og stortujamose er vanlege i skogbotn, medan krypsilkemose og skruevrangmose veks på bergveggen mot søraust.

*Artsmangfald:*

Berre ask (NT) vart registrert av raudlisteartar, men potensialet for fleire raudlisteartar er vurdert å vere stort. Av interessante indikatorartar som syner rikare edellauvskogsf forhold kan nemnast lundstjerneblom, kusymre, lundrapp, bergflette, hengjeaks, bergsvæve, brunrot, kirsebær, stikkelsbær og stortujamose. I bergveggen veks blodstorkenebb, kalksvartburkne og krypsilkemose. Det er i tillegg tidlegare registrert grønburkne, blankburkne og lodnestorkenebb. Det vart ikkje funne raudlista artar på trea, men dette bør undersøkast nærare.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Skogområdet er ikkje i hevd, men toppen av Helleberget beitast i nokon grad. Helleberget nyttast til turmål då det er ein gamal buplass under ein heller i fjellsida. Ferdsel synest ikkje å trua naturtypen og verdiane i han.

*Framande artar:*

Sitkagran, platanlønn, bulkemispel, haustberberis (alle svært høg risiko), raudhyll (høg risiko), småblada mispel (ulike artar varierer frå låg- svært høg risiko) og stikkelsbær (låg risiko, men denne arten er ofte naturalisert) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Skogen bør få stå og utvikla seg i fred. Framandartar bør takast ut, særleg platanlønn, sitkagran og mispelartar. Sitkagranene som står like nord for lokaliteten i vest, er ikkje teke med i avgrensinga, men bør omfattast av skjøtselen då dei produserer kongler og bidrar til spreiding av arten. Sidan det finst eiketree som tilfredsstillar kriteria for den utvalde naturtypen *Store eiker*, bør ein vurdera om det kan vere aktuelt med skjøtsel som fristiller slike gamle tre og egna rekruttar.

*Del av heilskapleg landskap:*

Helleberget er ein spesiell og sjeldan fjellformasjon/kolle på det elles nokså flate Nord-Jæren. Helleberget er dermed med på å skape variasjon i landskapet. På sørsida lutar fjellet utover slik at det vert danna ein ca. 70 m<sup>2</sup> stor heller med ei 3,5 m høg opning i dråpefallet. Det er denne helleren som har gitt namn til Helleberget. Under denne helleren budde det folk for ca. 5000 år sidan, i siste del av eldre og første del av yngre steinalder (Arkeologisk museum i Stavanger og Rogaland Fylkeskommune)

*Verdigrunninging:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria tilseier storleik, raudlisteartar, habitatkvalitet og framande artar minst middels vekt. Førekost av raudlista naturtyper og indikatorartar for edellauvskog eller rikare forhold, samt påverknad kan gis høg vekt. Rik edellauvskog er ein sjeldan naturtype i Klepp og på Jæren og lokaliteten gis derfor verdi *svært viktig* (A).



*Ved helleren.*



*Relativt grov eik.*



*Begge bileta viser tørrbakkevegetasjon i sørhallinga.*





### *Kuleberget*

**Naturbase ID:** BN00009139

**Ecofact ID:** Eco011

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 05.08.2014

**Areal:** 14,3 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Beitevåteng (D0432)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 05.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær s god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg i ei sørvesthalling nord for Helleberget på Stangeland i Klepp kommune, like ved grensa til Sandnes. Lokaliteten er del av ei gjødsla beitemark og ligg kring ein liten bekk som i øvre del er noko oppgraven og lengre ned dannar fleire småløp

og fuktig i marka. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt med tjukt morenemateriale over (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ein fuktig del av ei beitemark som vert gjødsla i den øvre, nordlege delen. I fuktsiget kring bekken er det likevel artsrik flora med artar som indikerer berre svak eller ingen gjødselpåverknad. Marka er tuete med gras- og lyngvekst på tuene og vatn mellom tuene kor det veks ryllsiv, krypsiv, kjeldeurt, myrhatt, bukkeblad, rund soldogg, rome og den sjeldne jørsiv. I den sørvestlege delen veks nokre artar indikerer litt rikare forhold slik som myrsaulauk, særbutikk, brunmakkrose *Scorpidium cossonii* og myrstjernemose *Campylium stellatum*. Elles finst eit rikt utval av artar tilhøyrande i naturbeitemark; finnskjegg, knegrass, harestorr, blåklokke, tepperot, blåknapp, blåkoll, blodtopp, kystmyrklegg, kystmaure, myrfiol, engrapp, geitsvingel, gulaks, blåtopp, stjernestorr, kornstorr, røsslyng, klokkelyng, pors, krypvier, mfl.

*Artsmangfald:*

Raudlistearten jørsiv (NT) vart funne i fuktområda. Denne er registrert her tidlegare òg (Artskart 2005). Eit anna interessant funn er aurikkelsveve som er sjeldan på Jæren.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten vert beita av storfe og vert også noko gjødselpåverka frå nordleg del av marka. Beitepresset synes greitt, men det er ikkje nok til å halde unna unglantar av sitkagran og furu som er i spreiding frå blandings-skogen i søraust. I søraust er det eit visst atgroingspreg, men det vil krevjast lite for å nedkjempa dette.

*Framande artar:*

Sitkagran (svært høg risiko) veks spreidd i lokaliteten, særleg søraust for bekken og inn mot skogen.

*Skjøtsel og omsyn:*

Beite av storfe bør oppretthaldast og det bør ikkje gjødselast i lokaliteten. Det er òg ønskeleg at gjødsling i marka ovanfor vert avgrensa. Sitkagran og oppslag av andre tre bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt. Det finst likevel fleire viktige naturtypar, òg naturbeitemarker, i nærleiken.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria gis artsamangfald, raudlisteartar og tilstand/hevd middels vekt, medan storleik får høg vekt. Verdien vert vurdert til *viktig* (B). Lokaliteten er stor og har eit rikt artsamangfald, inkludert ein nær trua raudlisteart (NT). Tilstand og hevd er god, med relativt lite gjødselpåverknad, atgroing og preg av framande artar.



*Jærsiv (NT)*



*Aurikkelsveve*



### *Følberget*

**Naturbase ID:** BN00009140

**Ecofact ID:** Eco012

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 05.08.2014

**Areal:** 1 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Fattig beitetørreng (D0428)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 05.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert grunna gjødsling. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Stangeland i Klepp kommune, nær grensa til Sandnes. Det er ein knaus med mykje bart fjell og stein i dagen. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU). Lausmassedekket er stadvis tynt morenemateriale med mykje bart berg i dagen. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

#### *Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er eit restareal som ligg på ein knaus i hjørnet av eit innmarksbeite og fell inn under undernaturtypen *fattig beitetørreng* (D0428). Den litle lokaliteten er relativt artsrik med karakteristiske artar for naturbeitemark utan særleg gjødselpåverknad. Artar

som kan nemnast er smalkjempe, hårsveve, beitesveve, ryllik, markfrytle, dvergsmyle, engkvein, smyle, gulaks, englodnegras, tiriltunge, småsyre, engsyre, tepperot, kystmaure, knollerteknapp, blåklokke, legeveronika, følblom og kvitkløver. Også noko lyng og bregnar finst, røsslyng, blokkebær, tyttebær, sauettelg, fugletelg og skogburkne.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Knausen er del av eit innmarksbeite kor det går storfe, stadvis litt gjødselpåverka.

*Framande artar:*

Sitkagran, buskfuru, bulkemispel (alle svært høg risiko) og småblada mispel (ulike artar varierer frå låg til svært høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Beite bør oppretthaldast og det bør ikkje gjødslast i lokaliteten. Sitkagran og einer bør fjernast og det same gjeld ugrasartar som landøyda. Rognetrea som allereie er store kan få stå då dei gir lokaliteten variasjon, medan oppslag av ungtre bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt. Det finst likevel fleire viktige naturtypar, òg naturbeitemarker, i nærleiken.

*Verdigrunninging:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria oppnår lokaliteten låg vekt på dei fleste kriterium. Artsmangfaldet er relativt stort, men raudlisteartar vart ikkje registrert. Storleik og tilstand/hevd ligg på grensa mellom låg og middels vekt med lite attgroing, passe beitepress, liten gjødselpåverknad og lite framande artar. I det intensivt drive Jær-landskapet er slike små, ekstensivt drivne område av stor verdi. Verdien vert vurdert til *lokalt viktig* (C), men dersom det finst raudlisteartar kan verdien hevast.





### *Sveinsvollmarkene*

**Naturbase ID:** BN00009142

**Ecofact ID:** Eco014

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 30.07.2014

**Areal:** 65 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Fattig beiteeng (D0430)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** 20-50 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert grunna gjødsling og svært sterkt beitepress. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg ved Sveinsvoll nord i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Marka er tuete med grasdominans, men òg med noko førekomst av lyng. Artsinventaret syner berre fattigmarkartar som gir delnaturtypen *fattig beiteeng* (D0430), men likevel er det relativt stor artsrikdom. I botnsjiktet er vanlege moseartar til stades, slik som engkransmose, furumose, heiflette og litt kystkransmose, samt reinlavartar. Av graminider er englodnegras, engrapp engkvein, blåtopp, gulaks, smyle, geitsvingel, slåttestorr, stjernestorr og engfrytle vanlege, i tillegg til finnskjegg, heisiv og bjønnskjegg som indikerer lite gjødselpåverknad. Sølvbunke og knappsiv som mest ikkje beitest finst også. Også fuktkevjangende artar som torvmyrull, myrsnelle, kornstorr, rome, kystmyrklegg og mjøduert veks stadvis. Få urter finst, tepperot, engsoleie, skogstjerne og fuglevikke. Lyng finst i størst grad på tuene og kring steinar, mellom anna blokkebær, røsslyng, tyttebær, klokkelying og krypvier.

*Artsmangfald:*

Ingen registrerte raudlisteartar. Myrsnelle er i regionen mest knytt til den nesten utrydda naturtypen rikmyr og er derfor sjeldan.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Marka er i bruk som beite for storfe av fleire typar lette kjøttferasar. Det er inga attgroing, berre svært få og små sitkagranter finst svært spreidd. Marka er elles prega av noko gjødsling, særleg i nordleg del kor storfeet står mest og eit parti langs jordbruksvegen i aust.

*Framande artar:* Sitkagran (svært høg risiko).

*Skjøtsel og omsyn:*

Beitinga bør halda fram, men kanskje med noko mindre beitepress, utan gjødsling og fôring i marka.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein ekstensivt drive lokalitet i eit intensivt jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria oppnår lokaliteten låg vekt for alle parametrane utanom storleik. I det intensivt drive Jær-landskapet er slike ekstensivt drivne område av stor verdi. Verdien vert likevel sett til *lokalt viktig* (C) på grunnlag av gjødselpreg og elles at mest berre vanlege artar vart registrert.





### *Vasshus, nord*

**Naturbase ID:** BN00009143

**Ecofact ID:** Eco016

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 30.07.2014

**Areal:** 20 daa

**Hovudnaturtype:** Våtmark (A)

**Naturtype:** Kystmyr (A11)

**Delnaturtype:** Anna kystmyr (A1104)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men opphavleg avgrensing er delt opp i fleire naturtyper og redusert i storleik grunna inngrep og utforming. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særskilt god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystmyr* (Lyngstad, Moen & Øien, 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Vasshus nord i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart



glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Myra er relativt tørr, fastmattemyr, noko som også kan skuldast omfattande dreneringstiltak vest for lokaliteten i den delen som var del av naturtypen tidlegare, og den pågåande attgroinga med tre. Av dei aktuelle delnaturtypane er det *anna kystmyr* (A1104) som synes som den mest relevante med minerogent preg. I tillegg til fattigmyrartar finst eit fint knippe med artar knytt til mellomrik myr. Myrhatt, blåstorr, enghumleblom, knollerteknapp, gulskolm og raudkløver viser betre næringstilgang. Elles kan nemnast blodtopp, hanekam, slåtestorr, stjernestorr, kornstorr, elvesnelle, kystmyrklegg og tepperot. Lyngvegetasjonen kjem meir fram mot sør med klokkeling, røsslyng, blokkebær, krekling og krypvier.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert, men blåstorr, blodtopp og hanekam kan nemnast som mindre vanlege i regionen.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten er sterkt prega av attgroing, både av tre, buskvekstar og store urter som mjødur, bringebær, geitrams, vendelrot og knappsiv. I nord er det i stor grad lauvtre som bjørk, rogn, selje og øyrevier som er attgroingsartane, medan det i sør er mest sitkagran som spreier seg frå skogen som dannar grensa.

*Framande artar:*

Mykje sitkagran, platanlønn og litt lerk (alle svært høg risiko) veks i lokaliteten dessutan raudhyll (høg risiko).

*Skjøtsel og omsyn:*

Skal lokaliteten takast vare på som kystmyr bør all skogvegetasjonen fjernast i tillegg til framandartar. Også nokre buskar ute på myra gir ly og variasjon for dyrelivet. Nokre av dei store urtene som òg er attgroingsartar bør også fjernast. Om mogleg bør grunnvasspegelen hevast noko.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten må sjåast på som eit restareal i eit intensivt drive jordbruksareal kor slike område er viktige for å bevare eit rikt og variert arts- og artsmangfald. To andre restareal ligg like i nærleiken og dette gjer at dei styrkar kvarandre sin verdi.

*Verdigrunning:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria skal svakt påverka myrkompleks med *anna kystmyr* som ligg i N-NB vegetasjonssone og er > 5 daa gis verdi *viktig* (B). Kriteria for påverknad, storleik og regional plassering underbygger dette. Myra ligg i eit pressområde kor svært mange myrar vert drenert og dyrka. Arealet til denne lokaliteten er òg sterkt redusert grunna dette.





### *Vasshus, vest*

**Naturbase ID:** NY

**Ecofact ID:** Eco016b

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 30.07.2014

**Areal:** 27 daa

**Hovudnaturtype:** Våtmark (A)

**Naturtype:** Kystmyr (A11)

**Delnaturtype:** Anna kystmyr (A1104)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men opphavleg avgrensing er delt opp i fleire naturtyper og redusert i storleik grunna inngrep og utforming. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystmyr* (Lyngstad, Moen & Øien, 30.04.2014).

*Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Vasshus nord i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Myra er relativt tørr, fastmattemyr, men fuktigare parti finst i sentrale delar av myra. Av dei aktuelle delnaturtypane er det *anna kystmyr* (A1104) som synes som den mest relevante. Fattigmyrartar dominerer, som torvmyrull, duskmyrull, slåttestorr, kornstorr, stjernestorr, knappsiv, heisiv, tepperot, klokkelyng, blokkebær, røsslyng og krekling. Berre myrhatt tyder på innslag av mellomrik myr. Elles finst fleire artar gras, der blåtopp, englodnegras og engkvein er dei vanlegaste, samt finnskjegg og engsyre

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten ber prega av noko attgroing, både av tre og buskvekstar. Øyrevier, bjørk, rogn og sitkagran er blant desse.

*Framande artar:*

Sitkagran (svært høg risiko).

*Skjøtsel og omsyn:*

Skogvegetasjonen i dei sentrale delar av lokaliteten bør fjernast i tillegg til sitkagran. Langs kantane kan det få stå igjen noko tre som gir ly og vern for dyr og fuglar mot dei omliggande fulldyrka markene. Også nokre buskar ute på myra gir ly og variasjon for dyrelivet.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten må sjåast på som eit restareal i eit intensivt drive jordbruksareal kor slike område er viktige for å bevare eit rikt og variert arts mangfald. To andre restareal ligg like i nærleiken og dette gjer at dei styrkar kvarandre sin verdi.

*Verdigrunning:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria skal intakt og svakt påverka myrkompleks med *anna kystmyr* som ligg i N-NB vegetasjonssone og er 5 - 50 daa gis verdi *viktig* (B). Kriteria for påverknad, storleik og regional plassering underbygger dette. Myra ligg i eit pressområde kor svært mange myrar vert drenert og dyrka.



### *Alvevatnet, nord*

**Naturbase ID:** BN00009194

**Ecofact ID:** Eco022

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 06.08.2014

**Areal:** 3,8 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Fattig beitetørreng (D0428), Fattig beiteeng (D0430)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 06.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er noko redusert grunna oppdyrking. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særskilt god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg rett nord for Alvevatnet, nordvest i Klepp kommune. Naturtypen grensar til verneområdet Alvevatnet og til den samanfallande naturtypen rik kulturlandskapsjø. Berggrunnen består av hovudbergart diorittisk til granittisk gneis og

migmatitt, og underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, med enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er tynt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ei eldre beitemark på ein høgde, men beites i liten grad no. Hest og sau har beita. I sør- og vesthallinga stikk berget stadvis opp og jordsmonnet er tynt og skrint med fin tørrbakkevegetasjon. Det er desse områda med *fattig beitetørreng* (D0428) som gir området høgast verdi. Her veks beitemarkartar som smalkjempe, skjermesveve, beitesveve, blåklokke, blåknapp, ryllik, legeveronika, engkvein, gulaks, engrapp, englodnegras og raudsvingel. Andre artar er knollerteknapp, fagerperikum, tepperot, engsyre og lyngartar som røsslyng, blåbær, tyttebær, klokkelyng og krypvier. Oppå flata er det friskare vegetasjon med stor grasdominans, og med litt preg av avgrensa gjødsling. Delnaturtypen vert sett til *fattig beiteeng* (D0430). Spreidde tre finst, særleg langs kantane og i sør.

*Artsmangfald:*

Ingen registrerte raudlisteartar, men lokaliteten bør undersøkast nærare med omsyn til beitemarksopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Beita av hest og storfe. Beitepresset er for lågt og lokaliteten er prega av noko attgroing av bjørk, rogn og einer.

*Framande artar:*

Bulkemispel (svært høg risiko) og småblada mispel (ulike artar varierer frå låg- til svært høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Viktigast er at beite vert oppretthalde med eit passe beitepress. Lauvtre og einer bør ryddast slik at lokaliteten vert halden open. Langs dyrka mark kan likevel nokre tre stå.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt. Det finst fleire viktige naturtypar i nærleiken og Alvevatnet er naturreservat.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria får artsamangfald, raudlisteartar og tilstand/hevd låg vekt og storleik høg vekt. Det er potensial for beitemarksopp. Verdien vert sett til *viktig* (B) ut frå at slike ekstensive område er svært viktige i det intensivt drive Jær-landskapet og nærleiken til naturreservatet.





### *Selekanalen*

**Naturbase ID:** BN00009162

**Ecofact ID:** Eco027

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 06.08.2014

**Areal:** 98 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Beitevåteng (D0432)

**Verdi:** A

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 06.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert grunna gjødselpåverknad. Det er også skilt ut ein del sør for kanalen då denne er svært ulik området nord for kanalen. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg lengst nordvest i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart



glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lengst vest kjem berggrunnen amfibolitt og glimmerskifer så vidt inn i lokaliteten. Lausmassane er i størst grad innsjøavsetning, noko torv og myr samt litt hav- og fjordavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Naturtypen dekker eit område som opphavleg var eit vatn, Selevatnet. Selekanalen vart etablert i 1904 og seinare ytterlegare senka i 1953 (Fylkesmannen i Rogaland 2011). Området er no naturtypen naturbeitemark med delnaturtype *beitevåteng* på kalkfattig grunn. Området er næringsrikt og noko gjødselpåverka på grunn av avrenning frå landbruket omkring. I aust er beitearealet svært tuete med grasdominert vegetasjon av engkvein, englodnegras, knappsiv, lyssiv, mannasøtgras og flaskestorr. Ein fin og variert flora finst også med blåknapp, engsyre, tepperot, myrsaulauk, fjøresaulauk, myrhatt, kattedale, bekkeblom, myrfiol, mjødukt og kvitkløver. Det vart også funne liten mønjevokssopp i denne delen. Næringskrevjande kulturmarkartar som myrtistel, høymole, landøyda finst også spreidd i lokaliteten. Den vestlege delen av lokaliteten er prega av store fuktområde, fuktsig og eit bekkeløp med eit par mindre opne vasspeglar kor det vart observert mykje ender. Om lag 50 viper letta frå den kortbeita delen av marka. Langs bekken i denne vestlege delen samt langs Selekanalen veks det mykje nikkebrønslé (VU). Desse står innimellom takrøyr, kattedale, kjempepiggnopp, mannasøtgras, elvesnelle, myrhatt, vendelrot, engsoleie og knereverumpe. Her veks det også ein god del tiggarsoleie, i tillegg til bekkeblom, andemat, myrmaure, myrmjølke og vasslirekne. Gåsemure veks litt opp i den tørrare delen beitemarka. Lengst aust, men sør for Selekanalen er eit område som er totalt dominert av takrøyr.

*Artsmangfald:*

Langs bekk i beitemarka finst den raudlista arten nikkebrønslé (VU) i stort monn fleire stader. Arten finst også i Selekanalen. Tiggarsoleie er og vanleg her. Fuktområdet er svært viktig for mange artar våtmarksfugl og for mange insektartar. Blant desse kan det òg vere raudlisteartar.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Området vert nytta til storfebeite av kjøttferasar, men dei beitar i dei fuktigaste områda. Dei tørrare, omliggjande areala har større gjødselpåverknad og beitast mykje hardare, men desse er ikkje tatt med i avgrensinga. Enkelte buskar med øyrevier finst, men området har ikkje teikn til attgroing.

*Framande artar:*

Rynkerose (svært høg risiko) og nokre andre hagevekstar finst ved huset i aust.

*Skjøtsel og omsyn:*

Beite av storfe bør oppretthaldast og det bør ikkje gjødslast i dei næraste områda som hallar ned mot lokaliteten.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er eit restareal med ekstensiv driftsform i eit elles svært intensivt drevet jordbrukslandskap.

*Verdigrunngeving:*

Verdien vert derfor vurdert til *svært viktig* (A) ut frå dei nye verdsettingskriteria kor alle kriteria får høg vekt. Lokaliteten er stor og har eit stort og variert artsmangfald med stor førekomst av ein sårbar, raudlisteart. Tilstand/hevd tilseier også høg vekt. Lokaliteten er også viktig for våtmarksfugl.



*Stor, flott førekomst av nikkebrønsle (VU)*



*Nikkebrønsle (VU)*



*Takrøyrsump i vest*



### *Selekanalen, sør*

**Naturbase ID:** NY

**Ecofact ID:** Eco2014-027b

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 06.08.2014

**Areal:** 21 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Fattig beiteeng (D0430), Beitevåteng (D0432)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 06.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Dette er ei mindre avgrensing av ein tidlegare stor naturtype. Arealet er i tillegg redusert grunna gjødsling. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg lengst nordvest i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart

glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassane er innsjøavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten varierer frå *beitevåteng* (D0432) på kalkfattig grunn nærast Selekanalen til *fattig beiteeng* (D0430). Området er næringsrikt då det ligg omkransa av dyrka mark og desse drenerer til Selekanalen. Beitemarka er òg noko gjødselpåverka med grasdominans, men med ein god del fine engartar, særleg fuktkrevjande artar ned mot kanalen. Her finst sløke, bekkeblom, myrtistel, myrhatt, myrfiol, myrmaure, mjørdurt, myrmjølke, mannasøtgras, englodnegras, paddesiv, krypsiv, kattehale, kystmyrklegg, dikeminneblom, grøftesoleie, krypssoleie, myrsaulauk, tiggarsoleie og vasslirekne. I Selekanalen veks det nikkebrønsle (VU).

*Artsmangfald:*

Nikkebrønsle (VU) veks i Selekanalen som avgrensar lokaliteten i NV.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten er beite for sau, har god hevd og er utan attgroing. Beitepresset er ok.

*Framande artar:*

Ingen vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Det er ønskjeleg å oppretthalde beite i lokaliteten for å hindre attgroing. Ei veksling mellom sau og storfe kan vere positivt. All gjødselbruk i lokaliteten bør ta slutt, om mogleg også i areala aust for avgrensinga som naturleg høyrer til beitemarka.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten inngår i eit større område med fuktig naturbeitemark langs selekanalen.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettungskriteria gis artsomangfald, raudlisteartar og tilstand/hevd middels vekt, medan lokalitetens storleik har høg vekt. Verdien er vurdert til *viktig* (B).





## Åna

**Naturbase ID:** BN00009190

**Ecofact ID:** Eco029

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 19.08.2014

**Areal:** 136 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Fattig beiteeng (D0430)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 19.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### Områdeskildring

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg nord for Verdalen, i nord- og vesthallinga ned frå Grudahaug i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt

enkelte kroppar av granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Berggrunnen er dekt med tjukt lag morenemateriale, men enkelte stader er dekket likevel tynnare og berg eller blokkrik mark stikk opp i dagen. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ei naturbeitemark med markert avgrensing til omliggjande areal av dyrka mark, skog og busetnad. I marka er det likevel sett opp eit relativt nytt gjerde som deler beitemarka på ein litt underleg måte. Nord og vest for gjerdet, som utgjer størstedelen av lokaliteten, er marka beita, sjølv om beitepresset har vore noko lågt, særleg i sørlegaste delen. Naturbeitemarka er dominert av tuedannande graminider i den sørlege delen kor vegetasjonen har frisk til ganske fuktig utforming lengst sør. Delnaturtypen er *fattig beiteeng* (D0430) med blåtopp- og slåttestorrter i tillegg til smyle, raudsvingel, engrapp, engkvein og englodnegras. Innimellom finst ein del lyng med klokkelyg, rome og myrfiol i dei fuktigaste områda og røsslyng, krypvier, tyttebær, tepperot, skogstjerne og geitsvingel i tørrare område og på tuene. I den brattare nordhallinga har beitepresset vore høgare og vegetasjonen er kortare i tillegg til at det stadvis er mindre lausmassar og ein del blokkrik mark. Delnaturtypen er likevel også her *fattig beiteeng* (D0430). Her veks det i tillegg fleire beitemarkartar som indikerer god hevd og lite gjødselpåverknad slik som smalkjempe, finnskjegg, gulaks, blodtopp, kvitmaure, kystmaure, blåklokke, ryllik, småsyre, strandkjempe, blåknapp, heisiv, tettegras, rome, stjernestorr og kornstorr.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert, men beitemarksopp bør undersøkast ved gjentatt vitjingar på hausten. Fleire gode indikatorartar for ugjødsla naturbeitemark finst.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Delar av beitemaka vert beita, men beitepresset er ujamnt, og til dels for svakt, særleg i sør. Beitemarka har i varierende grad preg av noko gjødsling. Det er etter 2007 (jf. flyfoto frå Norgebilder.no) planta sitkagran i ein halvsirkel kring det høgaste punktet på Grudahaug. Desse sitkagranene har på få år vorte store og dannar stadvis ein nesten ugjennomtrengjeleg skog. I utkanten av sitkaskogen er det og sterk tilvekst av småfuru og svartor. Skogen er i ferd med å øydeleggje den delen av naturbeitemarka der han står. Det har også vorte planta eik i eit parti sør for sitkagranene. Desse trea er svært små og låge og tydeleg utsett for vind eller andre forstyrringar, eksempelvis rådyrbeite som har gjort dei til små buskar i staden for høge tre.

*Framande artar:*

Sitkagran, buskfuru (begge svært høg risiko) og purpursurbær (høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Det er viktig at beitepresset vert oppretthalde i alle delar av beitemarka. Det bør kanskje verte litt styrt beite for å auka presset sør i lokaliteten. Dersom den delen av beitemarka kor sitkagran er planta og furu og svartor spreier seg, skal halde fram med å vere ein del av naturtypen er det naudsynt med betydeleg innsats for å fjerne desse snarleg. Kvalitetane er svekka der skogen står, og på grunn av spreieing av gjengroingsartar, men det er truleg gode høve til restaurering enno.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er eit meir ekstensivt drive område i eit svært intensivt jordbrukslandskap. Dette særprega Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunninging:*

Verdien vert vurdert til *viktig* (B). Det er her valt å setje ein verdi på naturbeitemarka basert på kvalitetane i marka utanfor gjerdet, altså dei nordlege og vestlege delane. Ut frå dei nye verdsettingskriteria gir eit representativt artsmangfald og tilstand/hevd med lite attgroing, svak til middels beitepress, ingen framande artar i store delar av lokaliteten samt svake spor av gjødsling, middels vekt. Storleik gir høg vekt medan ingen raudlisteartar gir låg vekt.



*Nordleg del av naturbeitemarka.*



*Fin blodtopptue.*



*Sørleg del med planta sitkagran i bakgrunnen.*



*Nord for sitkaskogen spreier furu seg sterkt.*



### *Grudevarden*

**Naturbase ID:** BN00009196

**Ecofact ID:** Eco031

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 19.08.2014

**Areal:** 4,7 daa

**Hovudnaturtype** Andre viktige førekomstar (H) (etter DN Handbok 13 - 2007)

**Naturtype:** Rik edellauvskog (F01)

**Delnaturtype:** Fattigare/svak lågurt bøkeskog (F0115), Lågurt hasselkratt (F0103)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 19.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert ein del. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særskilt god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Rik edellauvskog* (Brandrud 19.05.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Gruda, i nordhallinga frå Grudevarden i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt



enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassane er av tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ein liten førekomst av rein bøkeskog i aust og med innslag av hasselkratt i vestlig del. Andre treslag som inngår er alm (NT), selje, osp. Lokaliteten er under tvil tatt med som naturtype då det dominerande treslaget, bøk, er planta. Artsmangfaldet tyder på frisk og noko rik feltvegetasjon av store bregneartar og urter. Skogburkne, ormetelg, sisselrot, hengjeveng og fugletelg finst rikeleg i den vestlege delen der det er meir sollys som rekk ned til feltvegetasjonen. Av urter kan lundstjerneblom framhevast då denne ikkje er vanleg i kommunane på Jæren. Andre artar som finst er gaukesyre, tepperot, engsyre, bringebær, skogfiol og krossved. I skogbotnen veks stortujamose og litt storkransemose. Hasselkrattet er ungt, men det finst ein god del mosegrodde læger av desse i skogbotnen. Den vestlege delen har sannsynleg vorte beita ganske lenge.

*Artsmangfald:*

Berre små almetre (NT) vart registrert. Lundstjerneblom er sjeldan på Jæren.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Området er ikkje i bruk.

*Framande artar:*

Sitkagran (svært høg risiko), raudhyll (høg risiko) vart registrert. Bøk er også ein framand art her, men ikkje ein utanlandsk framand art.

*Skjøtsel og omsyn:*

Området bør i størst mogleg grad få stå urørt og skjøtta seg sjølv. Utanlandske framandartar bør takast ut.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria oppnår lokaliteten middels vekt på storleik og framande artar, men berre låg vekt andre parameterar som arts mangfald, sjeldne eller trua naturtypar og habitatkvalitet. Verdien vert vurdert til *lokalt viktig* (C).



*Frodig skogbotn med store bregnar.*



*Lundstjerneblom og gaukesyre.*



### *Kvernebekken*

**Naturbase ID:** BN00009179

**Ecofact ID:** Eco034

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 19.08.2014

**Areal:** 36 daa

**Hovudnaturtype:** Andre viktige førekomstar (H) (etter DN Handbok 13 - 2007)

**Naturtype:** Viktig bekkedrag (E06), edellauvskog (F) og naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:**

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 19.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert grunna gjødsling i beitemark. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer DN Handbok 13 (2007).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Grude like nord for Kleppe i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert

granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassane i området er tjukk morene og breelvavsetning lengst nord. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

#### *Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten ligg tett langs bekkeleiet til Kvernebekken, frå Grudevegen og sørover til reinsedammen. Det er eit variert område på grovt morenemateriale i ei grunn bekkekløft. Lengst nord og nærast vegen er det mest ei parkprega utforming på skogen og bekken har steinsette kantar og fleire kunstige tersklar. Vidare innover vert skogpreget tydelegare og her finst ein del gamalskogselement. Treslaga er varierte med nokre store eiker, bjørk, lind, spislønn, bøk, ask, selje, rogn, osp, hestekastanje, gran og furu. Dei største og eldste trea er i nordenden og innimellom er det oppvekst av mykje småtre av rogn, spisslønn, ask, med fleire. At det er eit litt rikare området tyder vegetasjonen i skogbotnen på. Raud jonsokblom den enkeltarten som dominerer mest, men store bregnar som skogburkne, sauetelg og ormetelg finst òg i store mengder saman med andre litt næringskrevjande artar som bringebær, geitrams, skogfiol, kratthumleblom, storkransemose og stortujamose. På begge sidene av bekken har det vorte beita. No vert det beita på vestsida, men dette beitearealet vert òg gjødsla og er ikkje del av naturtypen. På austsida har beitepresset vore lågt over lang tid, og det er betydeleg gjengroing i marka av lauvtree som veks elles langs bekken og av mjødukt, vendelrot og geitrams. Andre registrerte artar er smyle, hengjeveng, sisselrot, gaukesyre, skogstjerne og skogsnelle. Artar som krattlodnegras, åkersnelle, mjødukt, englodnegras og finnskjegg syner kulturpåverknad i tillegg til steigardane som finst i området. I dei fuktigaste områda veks kornstorr, myrhatt, vendelrot, slåttestorr, kystmyrklegg og øyrevier.

#### *Artsmangfald:*

Berre ask (NT) vart registrert av raudlisteartar då lokaliteten vert undersøkt no, men ved førre kartlegging vart det funne ein mindre førekomst av solblom (VU).

#### *Bruk, tilstand og påverknad:*

Området vert ikkje nytta til no. Mogleg at det tidvis vert beita noko i utkantane i aust, med beitepresset er lågt.

#### *Framande artar:*

Utanlandske, framande artar er platanlønn, sitkagran, svensk asal, bulkemispel (alle svært høg risiko), småblada mispel (ulike artar varierer frå låg- til svært høg risiko), raudhyll (høg risiko) og hestekastanje. Planta artar framande i Rogaland er bøk, gran og spissløn

#### *Skjøtsel og omsyn:*

Bekken med bekkekantane bør i størst mogleg grad få stå urørt og skjøtta seg sjølve. I delar av skogen bør oppslaget av ungtre tynnast slik at nokre tre kan få verte store. Naturbeitemarka aust for bekken bør ryddast for storvaksne gjengroingsartar som mjødukt, vendelrot mfl. samt buskar og tre. Beite bør takast opp att i denne delen.

#### *Del av heilskapleg landskap:*

Bekken er eit naturleg element i kulturlandskapet og bind saman naturområde mellom dei intensivt drive jordbruksareala. Denne delen av Kvernebekken er ein liten del som har nokolunde intakte kantsoner, med unntak av den nedre delen mot Grudevegen. Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og

intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunninging:*

Lokaliteten vert ikkje dekt av dei nye faktaarka og avgrensing, skildring og verdsetjing følger derfor Handbok 13 (2006). Det er tidlegare registrert to raudlisteartar i lokaliteten. Om førekomsten av solblom no er innanfor avgrensinga er uvisst. Bekken har relativt intakte og naturlege kantsoner sjølv om nedre del er steinsett. Vidare har lokaliteten eit stort tal edellauvtreartar og noko naturbeitemark med uklar grense mot skogen. Lokaliteten vert vurdert til verdi *lokalt viktig (C)*.



*Nedre del av Kvernebekken mot Grudevegen.*



*Øvre del av naturbeitemark og skog.*



*Eit visst kontinuitetspreg i den nordlege delen av edellauvskogen.*



### *Hålandsfjell*

**Naturbase ID:** BN00009198

**Ecofact ID:** Eco035

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 26.08.2014

**Areal:** 43 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap (D)

**Naturtype:** Kystlynghei (D07)

**Utforming:** Fattig tørrhei (D0713)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 26.08.2014

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg i ei bratt, NV-vendt skråning på Håland like vest for Kleppe i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lokaliteten har grunt og skrint jordsmonn og mykje berg i dagen. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Nedst i skråninga har det vakse opp tett og mest uframkommeleg skog som stadvis har øydelagt kystlyngheia. Høgare opp og i områda mot sør er det framleis opne område som kvalifiserer til naturtypen kystlynghei. Vegetasjonstypen kan førast til kalkfattig, tørkeutsett hei (fattige tørrheiar, D0713) med dominans av gras. Innslaget av røsslyng er avgrensa i heile lokaliteten, men veks likevel i den blokk- og bergrike delen av lokaliteten. Dei vanlege lyngartane finst spreidd i den opne delen av lokaliteten; røsslyng, klokkelyng, blåbær, blokkebær og tyttebær. Graminidane er likevel dominerande, særleg i øvre del, med vanlege artar som smyle, engkvein, finnskjegg, geitsvingel, sauesvingel, gulaks, englodnegras, bjønnskjegg og kornstorr. I nedre del av skogen (mot NV) er det godt jordsmonn og her veks kusymre, knollerteknapp, markjordbær, bringebær, skogfiol, stankstorkenebb og gaukesyre. I dei meir opne areala finst smalkjempe, strandkjempe, blåknapp, blåfjør, tepperot, blåklokke, blåkoll, blåknapp, kvitbladtistel, blodtopp, hårsveve, fagerperikum, tiriltunge, legeveronika og kystmaure.

*Artsmangfald:*

Ask (NT) er eit av treslaga som finst. Det er funne solblom (VU) tidlegare og denne kan godt finnast i lokaliteten ennå. Andre artar som kan nemnast er kusymre, fagerperikum, kvitbladtistel og blodtopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Området er svært lite i bruk som beite. I dei øvre områda går lyngheia over i gjødsla innmarksbeite. Skogen som har vakse opp i nordvesthallinga, mest ulike lauvtre, men òg enkelte bartre, har vorte svært tett, særleg i dei nordlegaste områda. Ein del av opphavleg naturtypeavgrensing er derfor tatt ut no. Sitkagran og furu spreier seg mykje i sør. Området vert gjødsla i dei øvre delane som grensar til naturtypen. Dette gjer at det kan vere noko gjødselpåverknad særleg i øvre del. I den vestlegaste delen av opphavleg avgrensing har det vorte gjort ein del inngrep som har øydelagt arealet som kystlynghei.

*Framande artar:*

Sitkagran bulkemispel, haustberberis (alle svært høg risiko) småblada mispel (ulike artar varierer frå låg- til svært høg risiko), og raudhyll høg risiko) vart registrert under feltarbeidet. Sprikemispel (svært høg risiko) og hekkspirea (låg risiko) er registrert i Artskart. Innslaget av mispelartane er særst stort i skogen og i kanten av skogen, både med omsyn til førekomst og storleik på individa. Sitkagran spreier seg raskt frå planteskogen naturtypen grensar til i sør.

*Skjøtsel og omsyn:*

Lokaliteten bør snarleg ryddast for skog og buskar for at lyngen skal ha sjanse til å etablere seg i stort monn igjen. Einer er og ein tydeleg gjengroingsart nokre stader. Sitkagran og andre framande artar bør nedkjempast i stor grad. Også areal utanfor det som no er avgrensa som naturtype bør inngå i same type skjøtsel då framandartar utgjer eit stort problem i denne lokaliteten. For å oppretthalde frodig kystlynghei bør beite takst opp att. Det vil òg vere ein stor fordel om lyngbrenning kan gjennomførast. Det er ønskeleg at det ikkje vert gjødsla like utanfor lokaliteten slik at det vert avrenning i særleg grad som påverkar naturtypen.

*Del av heilskapleg landskap:*

Kystlynghei er ein naturtype som var meir utbreidd i kystnære område og på Jæren tidlegare. Kystlyngheilandskapet er under sterkt press grunna lite beite og attgroing.

Denne lokaliteten ligg på grensa til utbreiinga av kystlynghei i regionen og representerer ein viktig restlokalitet av naturtypen.

*Verdigrunngeving:*

Lokaliteten får verdi *lokalt viktig* (C) fordi det er eit stor areal til å vere i Klepp kommune av naturtypen *kystlynghei*. Gjengroing og førekomst av framande artar gjer at lokaliteten får redusert verdi. Det er likevel valt å oppretthalde lokaliteten som naturtype då dette er ein av svært få kystlyngheier i Klepp kommunen. Lokaliteten har eit svært rikt og representativt mangfald av kystlyngheiartar samt førekomst av ein raudlisteart i kategorien VU.



*Lokaliteten er tildels mykje gjengrodd.*



*Mykje svartelista arter i tilknytning til skogen.*



*Stadvis fint lyngheipreg .*



### *Kleppelunden*

**Naturbase ID:** BN00009160

**Ecofact ID:** Eco036

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 26.08.2014

**Areal:** 38 daa

**Hovednaturtype:** Erstatningsbiotop (D)

**Naturtype:** Erstatningsbiotoper på tresett mark (D13)

**Delnaturtype:** Park (D1302)

**Verdi:** A

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 26.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert og justert, blant anna er parti med planta sitkagran og ei gjødsla beitemark no utelate frå avgrensinga. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særskilt god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Erstatningsbiotoper på tresett mark* (Bratli 14.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Håland like vest for Kleppe i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergart diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart



glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Over dette ligg tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Kleppelunden er et fint parklandskap med grusvegar, planta tre langs vegane, raste- og leikeområde, plenar og parti med meir naturleg skog eller skog som stellar seg sjølve. Det renn også ein fin liten bekk gjennom parken som gir fuktig miljø. Det finst mange artar edellauvtre spreidd over heile området, og ganske mykje alm og ask som begge er raudlista (NT). Ein del av trea er relativt store, for eksempel ask på opp mot 220 cm i omkrins. I tillegg finst bøk som i eit lite område utgjer ein skog, hassel som òg stadvis er eit lite hasselkratt, eik, lind og svartor. I vest er eit område nord for vegen dominert av bøk, ikkje veldig gamle tre, men dei står på god jord og her veks det blant anna kusymre, kalksvartburkne, lundrapp, enghumbleblom, kratthumbleblom, skogsveve, markjordbær, tviskjeggveronika, legeveronika, gaukesyre, skjørlok, smyle, raud jonsokblom, stankstorkenebb, skogburkne, hengeveng, og sauetelg. Meir sentralt i området veks fleire krevjande artar som firblad, bergflette, kusymre, vivendel, bringebær, bjørnebær, brunrot, skogfiol og kantkonvall. Andre registrerte tre er selje, rogn, sølpil, osp, kirsebær og krossved.

*Artsmangfald:*

Det vart funne grå punktlav *Punctelia subrudecta* (EN) på piletre lengst sør i lokaliteten. Elles vart ask (NT), alm (NT) og barlind (VU) registrert av raudlisteartar. Tidlegare er det også registrert liten praktkrinlav *Parmotrema chinense* (VU). Desse registreringane er frå 1970-talet. Denne arten vart det aktivt sett etter, men ikkje funne. Interessante artar som veks i området er kolskorpe, muslingsopp,

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Området er eit menneskapt parklandskap og vert brukt som ein park, til tur, rekreasjon og leik.

*Framande artar:*

I og med at dette er eit parklandskap er det ikkje uventa at det finst mange framande artar blant treslaga som er planta inn, og kanskje også blant andre artar. Dei nemnde artane er derfor ikkje ei fullstendig artsliste. Registrerte framande artar er sitkagran, platanlønn, europalerk, svensk asal (alle svært høg risiko), raudhyll (høg risiko), hestekastanje (mogleg høg risiko), tuja (låg risiko), andre artar av gran, rododendron, vrihassel, syppess, poppel og framand eik.

*Skjøtsel og omsyn:*

Felling av tre bør vurderast nøye. Ofte kan gamle tre reddast ved å kappe nokre greiner i staden for at heile treet vert hogge. Daude tre bør få stå som gadd om dei ikkje utgjer fare for å gi levestad for vedbuande artar. Desse er og viktige for fugl, for eksempel spettar. Læger, daud ved på bakken bør òg få liggja av same årsak. Skog med frodig feltvegetasjon bør få utvikla seg mest mogleg naturleg. Parti med naturleg engvegetasjon bør ikkje klippast som plen, men heller slås seint i sesongen. Framande artar og gamle kulturartar som på staden ikkje utgjer ein stor trussel bør ivaretakast.

*Del av heilskapleg landskap:*

*Verdigrunningving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria gis raudlisteartar, storleik, variasjon og tilstand høg vekt og verdien vert derfor vurdert til *svært viktig (A)*. Det er funne fleire trua og nær trua raudlisteartar. Lokaliteten er stor og har stor treslagsvariasjon og habitatsvariasjon, samt bra innslag av store tre med grov sprekkebark.



*Grå punktlav* *Punctelia subrudecta (EN)*



*Kolskorpe* *Kretzschmaria deusta*



*Kalksvartburkne*



*Bergflette*



*Vanleg skriftlav* *Graphis scripta*



### *Andaholen*

**Naturbase ID:** BN00009229

**Ecofact ID:** Eco037

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 26.08.2014

**Areal:** 5,8 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Beitevåteng (D0432),

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 26.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er sterkt redusert grunna gjødsling. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Anda like aust for Klepp i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt (NGU). Lokaliteten ligg i

boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ein liten rest av ei naturbeitemark der delar no er dyrka og mykje av det resterande arealet er gjødsla. Den avgrensa delen av beitemarka hallar ned mot eit søkk kor det er tuete og svært fuktig. Det går fleire fuktsig mot den nedste delen og er små opne vasshol. Vegetasjonen i denne delen er variert og inneheld eit representativt utval av beitemarkartar som indikerer liten gjødselpåverknad. Karakteristiske artar i marka er finnskjegg, blåtopp, bjønnskjegg, englodnegras, blåknapp, blåklokke, tepperot, myrfiol, følblom, smyle og skogsnelle. I dei fuktigaste delane veks ein stor busk med øyrevier samt mannasøtgras, myrmjølke, knappsiv, ryllsiv, rund soldogg, rome og grøftesoleie. På tuene finst røsslyng, klokkelyg og krypvier. Gjødseltolerante artar finst likevel òg, som engsyre, kvitkløver og engrapp.

*Artsmangfald:*

Det vart ikkje registrert raudlisteartar.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten vert beita av storfe og sau. Det er godt beitepress, òg i dei fuktige områda.

*Framande artar:*

Ingen registrerte.

*Skjøtsel og omsyn:*

Lokaliteten vert best skjøtta med vidare beite og avgrensa gjødsling i den delen av marka som går nedanfor (nord for) vegen gjennom marka.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er del av eit større område som er drive meir ekstensivt i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunningving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria oppnår lokaliteten låg vekt på alle kriterium utan om på storleik kor han får høg vekt. Dette tilseier lokal verd. Lokaliteten har et visst tal av artar som er lite gjødseltolerante, men ingen raudlisteartar vart registrert. Han er i god hevd med storfebeite, men er noko gjødselpåverka frå beitemarka ovanfor. Det er ingen gjengroing og ingen framande artar. På grunnlag av at det er svært få slike lokalitetar igjen i det intensive jordbruksområdet på Jæren vert verdien likevel sett til *viktig* (B).



### *Ytreholmen*

**Naturbase ID:** BN00009200

**Ecofact ID:** Eco042

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 14.08.2014

**Areal:** 8,2 daa

**Hovudnaturtype:** Erstatningsbiotop (D)

**Naturtype:** Erstatningsbiotop på tresett mark (D13)

**Delnaturtype:**

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 14.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skreven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase og er intakt. Avgrensinga er den same som tidlegare, og er vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Gamal edellauvskog* (Reiso 06.06.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg som ei halvøy i Frøylandsvatnet i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Heile området har lausmassar av

breelvvavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseaenisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Bøkeskogen ved Frøylandsvatnet er ein godt avgrensa lokalitet som opphavleg har vore ei øy. Skogen er i sentrale og ytre delar svært homogen og einsjikka, med bøk som tilnærma einaste treslag og utan busksjikt. Vestsida av lokaliteten som vender inn mot land har større innslag av andre treslag, blant anna eik og furu. Hovuddelen av trea er ikkje veldig gamle, men innimellom finst tre av større dimensjonar. Ortofoto frå 1937 syner at området har hatt skog i relativt lang tid, men truleg er han likevel planta ei tid før dette. Eit visst kontinuitetspreg finst, men variasjonsbreidda av nedbrytingsstadium av død ved er relativt liten. I nord er det eit felt- og busksjikt av store bregnar og småtre av særleg rogn og litt osp. Lokaliteten har eit avgrensa artsmangfald, slik det er vanleg i bøkeskogar som slepp lite sollys ned til bakken etter lauvsprett. Likevel finst eit lite utval av litt næringskrevjande artar som bergflette, knollerteknapp, bringebær, vivendel og sauetelg. Andre vanlege artar er smyle, maiblom, skogstjerne, engkvein, sisselrot, blåbær, marimjelle, legeveronika, storbjørnemose og rottehalemose.

*Artsmangfald:*

Av raudlisteartar vart berre små individ av barlind (VU) registrert, desse er truleg fuglespreidde frå hagar.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten ligg tett ved turvegen rundt Frøylandsvatnet og nyttast som turområde.

*Framande artar:*

Små sitkagran, bulkemispel (begge svært høg risiko) og spirea (låg til høg risiko). Bøk er ein framand art i Rogaland, men ikkje utanlandsk.

*Skjøtsel og omsyn:*

Skogen bør få stå urørt og utvikla seg fritt. Daudved-element skal ikkje ryddast vekk. Utanlandske framandartar bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:*

*Verdigrunngeving:*

I lokal samanheng finst få lokalitetar med bøkeskog og alle er planta eller spreidd frå planting. Verdien er sett til *lokalt viktig* (C). Skogtilstand og førekomst av nøkkelelement har låg vekt.





### *Laland*

**Naturbase ID:** BN00009214

**Ecofact ID:** Eco042

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 14.08.2014

**Areal:** 59 daa

**Hovudnaturtype:** Skog (F)

**Naturtype:** Gamal boreal lauvskog (F07)

**Delnaturtype:** Gamal hengjebjørkeskog (F0704)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 14.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er sterkt redusert i høve til tidlegare grunna inngrep. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Gamal boreal lauvskog* (Jansson mfl. 2013/2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Laland ved Frøylandsvatnet i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert

granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Heile området har lausmassar av breelvavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseaenisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ein lauvskog som intill etter år 2000 var del av eit større område der ikkje alle areala var dyrka og mykje enno hadde ekstensiv jordbruksdrift. Seinare er mykje dyrka opp eller vert nytta til masseuttak, industri eller liknande. Den attverande skogen ligg mot aust og grensar her mot jernbanen. I utkantane mot vest og sør er skogen meir open, og grasdominans i feltsjiktet tyder på beite og/eller slått tidlegare. Desse områda er inkludert i naturtypen då dei ikkje kvalifiserer til eigne naturtypar, men likevel opplevast å høyre til i avgrensinga. Dei gir skogen større variasjon opplevingsverdi. Bjørk er det dominerande treslaget og fører typen til *Gamal hengjebjørkeskog* (F0704), men med godt innslag av selje og rogn, i tillegg til gråor i fuktige parti. Litt sitkagran og furu førekjem òg. Lokaliteten har godt kontinuitetspreg med læger og gadd samt tre av større dimensjonar og tre med sprekkbark. Artsmangfaldet i felt- og botnsjiktet syner ei rikare utforming med kystmoldmose *Eurynchium striatum*, storkransmose *Rhytidadelphus triquetrus*, kystkransmose *R. loreus*, stortujamose *Thuidium tamariscinum*, bergflette, bringebær, knollerteknapp og engsnelle. Stadvis er det mykje store bregnar som skogburkne, ormetelg og sauetelg. Det er også eit fint mangfald av urter med revebjølle, tepperot, engsoleie, raud jonsokblom og gaukesyre. Blåtopp, smyle, engkvein, engreverumpe og gulaks er vanlege gras. I fuktige område er det større innslag av gråor, samt storbjørnemose, skogsnelle, vendelrot, lyssiv, hårfrytle og mannasøtgras.

*Artsmangfald:*

Raudlistearten ask (NT) vart registrert, samt ein indikatorart for baserik grunn og karakteristisk for gamal skog, kystmoldmose *Eurhynchium striatum*. Sistnemnde er ein mindre vanleg art og er ikkje registrert i Artskart for Klepp kommune. Engsnelle, sauetelg og gråor er regionalt sjeldne.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Delar eller heile området har vorte nytta til ekstensivt jordbruk med beite. Det finst eldre jordbruksveggar gjennom skogen, men lite truleg dei vert nytta i særleg grad no. Det finst fleire rydningsrøyser i lokaliteten. Det er også nyare inngrep i lokaliteten i sørvest kor det er hogd noko og anlagt kjørbar veg.

*Framande artar:*

Sitkagran, platanlønn, bulkemispel, haustberberis (alle svært stor risiko) samt raudhyll (høg risiko).

*Skjøtsel og omsyn:*

Skogen bør få stå urørt og utvikla seg fritt. Daudved-element skal ikkje ryddast vekk. Ytterlegare inngrep bør hindrast og framandartar bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:*

*Verdigrunngeving:*

Ut frå nye verdisetjingskriterium får storleik, arts- og artsmangfald, raudlisteartar og gamalskogs-element middels vekt. Verdien vert derfor vurdert til *viktig* (B).





### *Laland, vest*

**Naturbase ID:** BN00009171

**Ecofact ID:** Eco044

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 14.08.2014

**Areal:** 13,5 daa

**Hovudnaturtype:** Andre viktige førekomstar (H)

**Naturtype:** Kystlynghei (D07)

**Delnaturtype:** Fattig fukthei (D0708), fattig tørrhei (D0713)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 14.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skreven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er sterkt redusert, grunna dyrking og arealinngrep. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystlynghei* (Jordal 02.06.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Laland i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og

amfibiolitt (NGU). Området er dekt med tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ein liten rest av eit større kulturlandskap kor det tidlegare var ekstensivt jordbruk. Ein stor del av opphavleg lokalitet og store område rundt, har etter år 2002 vorte endra ([www.norgebilder.no](http://www.norgebilder.no)). Lokaliteten er gras- og urtedominert og har svært lite lyng. Delnaturtypar varierer frå *fattig fukthei* (D0708) til *fattig tørrhei* (D0713). Truleg har det vore meir lyng tidlegare då lokaliteten vart registrert som kystlynghei, men no må ein leita etter røsslyngen. Berre 2-3 små førekomstar vart funne. Nedst er det eit fuktområde, medan opp mot høgda er det tørrare og steinar stikk opp i dagen. Dominerande gras er raudsvingel, medan engkvein, englodnegras, engrapp, smyle og gulaks er vanlege. Artar som indikerer liten gjødselpåverknad er gulaks, hårsveve, kystmaure, smalkjempe, i tillegg til følblom, ryllik, blåklokke, blåkoll, tepperot, knollerteknapp, engsoleie og blåbær. Meir kulturavhengige artar som engsyre, vanleg arve og kvitkløver finst òg. I fuktområdet er kulturartar som knappsviv, høymole og myrtistel vanlege.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlistearter vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten vert truleg tidvis nytta som beite for hest, men har alt for lågt beitepress. I nord er det noko attgrodd med sitkagran, bjørk og rogn, og i sør eit parti med buskas av furu, rogn, hyll, bringebær og øyrevier.

*Framande artar:*

Sitkagran, buskfuru (begge svært høg risiko), kvitgran og raudhyll (begge høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Område som er attgrodd med tre og buskar bør ryddast slik at lokaliteten vert meir open. Framande artar bør fjernast. Beitebruken bør aukast, gjerne med vekselbeite av hest og sau. Gjødsling bør ikkje finna stad.

*Del av heilskapleg landskap:*

Kystlynghei er ein naturtype som var meir utbreidd i kystnære område og på Jæren tidlegare. Kystlyngheilandskapet er under sterkt press grunna lite beite og attgroing. Denne lokaliteten ligg på grensa til utbreinga av kystlynghei i regionen og representerer ein viktig restlokalitet av naturtypen.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria kan lokaliteten vanskeleg gis verdi som kystlynghei, men i ein kommune med få slike område att er det valt å setja han i kategorien *Andre viktige naturtypar* (H) og vurdere han til verdien *lokalt viktig* (C).



### *Ægrehaug*

**Naturbase ID:** BN00009186

**Ecofact ID:** Eco050

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 30.07.2014

**Areal:** 43 daa

**Hovudnaturtype:** Våtmark (A)

**Naturtype:** Kystmyr (A11)

**Delnaturtype:** Anna kystmyr (A1101)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert ein del i høve til tidlegare. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særskild god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystmyr* (Lyngstad, Moen & Øien, 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg rett aust for Orrevatnet ved Ægrehaug i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar

av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er i stor grad torv og myr (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseaensk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Delnaturtypen er sett til *anna kystmyr* (A1101). Myra er stadvis mykje tua, med store tuer av blåtopp. Myrhatt er ein vanleg art i dei fuktige områda. Elles finst englodnegras, krattlodnegras, vendelrot, strandrøyr, engsyre, landøyda, myrtistel, kveke og knappsiv. Stadvis er det tette bestandar geitrams, bringebær, bjørnebær og vendelrot.

*Artsmangfald:*

Ingen registrerte.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Det er ikkje synlege hydrologiske inngrep i myra, ei heller på flyfoto frå 1963 og 1937 (Norge i bilder). Det er likevel truleg at myra har vorte påverka av oppdyrkingar omkring, samt vegen som går tett inntil. Myra er ikkje i bruk i dag og ber preg av attgroing med tre og buskar, samt geitrams, mjørdurt, bringebær og bjørnebær. Langs vegen har det vorte dumpa ein del biologisk materiale i form av gras og daudt trevirke.

*Framande artar:*

Sitkagran, platanlønn, haustberberis (alle svært høg risiko) småblada mispel (ulike artar varierer frå låg til svært høg risiko)vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Tre og buskar som fører til attgroinga bør ryddast, og alt materialet må fjernast så det ikkje fører til gjødsling. Nokre tre eller buskar kan få stå for å gje ly og vern for fugl og andre dyr. Geitrams, bringebær, bjørnebær og vendelrot bør nedkjempast i parti kor det er mykje. For å halde myra open vil det kunne være til hjelp med beite av storfe. All form for dumping av avfalls bør hindrast.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunning:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria skal anna kystmyr vurderast på grunnlag av påverknad, lokalisering i vegetasjonssone og storleik. Lokaliteten Ægrehaug er delvis intakt, og utan synlege hydrologiske inngrep, sjølv om den er mykje attgrodd og truleg påverka av drenering. Myra er over 50 daa stor og ligg i boreonemoral sone. Ut frå den kritiske situasjonen for myrreal på Jæren vert ho vurdert til verdien *viktig B*.



### *Roslandsholmen*

**Naturbase ID:** BN00009155

**Ecofact ID:** Eco053

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 04.09.2014

**Areal:** 1 daa

**Hovudnaturtype:** Andre viktige førekomstar (H)

**Naturtype:** Fuglegjødsla eng og knaus (G10)

**Delnaturtype:** Fuglegjødsla eng i måkekoloniar (G1003)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 04.09.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase. Avgrensinga er auka til å gjelda heile holmen. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for naturtypen *Fuglegjødsla eng* (Larsen 26.03.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg sør i Horpestadvatnet i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt, medan lausmassane er breelvavsetning (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

#### *Naturtyper, utformingar og vegetasjonstypar:*

Holmen er svært liten og stikk berre så vidt over vassflata. Det er ingen stein eller berg i dagen. I nordaustleg ende er det buskar av gråselje. Holmen vert beita av ender, gjæser,

måkar og anna fugl og er derfor noko fuglegjødsla. Holmen er eit viktig viltområde for fugl og har vore hekkplass for dvergmåkar. Av nitrofile artar kan nemnast bekkeblom, gåsemure, nyseryllik, mjødur, stornesle, strandrøyr, raudkløver, engminneblom, hundekjeks og geitrams. I vasskanten veks sumpsivaks, sjøsivaks, gulldusk, kattehale, raudt hønsegras og vasspepar. Andre vanlege artar er engkvein, englodnegras, engkall, smalkjempe, sandvier, kvitkløver, følblom, åkersvinerot, vendelrot og trådsiv.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlistearter vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Holmen er ikkje i bruk av menneske eller husdyr. Holmen har mykje fuglebesøk er beita av desse.

*Framande artar:*

Ingen registrerte.

*Skjøtsel og omsyn:*

Ingen skjøtsel er naudsynt, holmen bør få liggja urørt og utvikla seg naturleg.

*Del av heilskapleg landskap:*

Holmen er eit fint element i Horpestadvatnet som saman med andre holmar, naturlege oddar og viker i vatnet utgjer eit fint heilskapleg landskap. I Orrevatnet like ved finn ein fleire område av tilsvarande verdi.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria for naturtypen *Fuglegjødsla eng* oppnår lokaliteten låg vekt på storleik, middels vekt på artsamangfald og tilstand og høg vekt på kriteriet *del av heilskapleg landskap*. Verdien vert derfor vurdert til *viktig (B)*.





### *Tinghaug, naturbeitemark*

**Naturbase ID:** BN00009232

**Ecofact ID:** Eco056

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 04.09.2014

**Areal:** 4,8 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04) i mosaikk med kystlynghei (D07)

**Delnaturtype:** Rik beitetørreng (D0429), Rik beiteeng (D0431), Rik tørrhei (D0715)

**Verdi:** A

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 04.09.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men er no delt i to naturtyper. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Tu litt nord for Bryne i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten amfibolitt og glimmerskifer som kan gi grunnlag for rikare planteflora. (NGU). Lausmassedekket er i stor grad tynt morenemateriale, men stadvis stikk berg,

stein og ur opp i dagen (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Tinghaug er ein karakteristisk vegetasjonsskledd topp med til dels bratte sider. Mot sør er det noko ur og rasmark. Mykje av lokaliteten er open med gras- og blomevegetasjon, men i sør har det vokse fram mykje hasselkratt og delar av dette er skilt ut som eigen naturtype. I dei resterande områda er det spreidde førekomstar av tre og treklynger, mest hassel, men òg rogn, bjørk og øyrevier. I nord er det ei skjemmaende sitkagran-leplanting akkurat ved inngangen til området. Det grunne jordsmonnet gir beitemarka tørrbakkepreg, men det finst likevel frodigare parti somme stader. Delnaturtypane *rik beitetørreng* (D0429) og *rik beiteeng* (D0431) førekjem derfor i mosaikk, med dei tørraste områda mot toppen og i hallingane. I sørhallinga er innslaget av lyng, og særleg røsslyng tydeleg og syner nærleik til kystlynghei som var vanleg på Jæren. Lokaliteten er svært artsrik og med fleire interessante artar og artar som speglar den noko rike berggrunnen. Svarterteknapp veks i store delar av lokaliteten. Denne ligg ikkje inne med funn i Artskart for heile Jæren. Saman med flekkgrisøyre er dette to artar som ikkje er så vanlege i regionen. Andre artar som kan nemnast er knollerteknapp, blåklokke, blodtopp, blåknapp, tepperot, følblom, kystgrisøyre, hårsveve, skogsveve, beitesveve, smalkjempe, strandkjempe, tiriltunge, ryllik, engsoleie, tviskjeggveronika, fuglevikke, firkantperikum, krypvier/sandvier. Villeple veks i lokaliteten. Engkvein, gulaks, engrapp, raudsvingel og smyle er vanlege gras.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert i 2014, men frå tidlegare er det fleire funn som er lokalisert til Tinghaug eller i nærleiken. Kvitkurle (NT) (Artskart 1966, Temakart Rogaland 1996, 1998 og 2002), vestlandsvikke (NT) (Artskart 1941 og 1984), smånesle (VU) (Artskart 1977, usikkert om denne er lokalisert i naturtypen), solblom (VU) (Temakart Rogaland 1998) og smalsøte (EN) (Temakart Rogaland 1997). Svarterteknapp ligg ikkje inne i Artskart for Klepp og er sjeldan i regionen.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Området vert mykje brukt som turområde. Det er ein viss slitasje knytt til stiane i området. Dei fleste områda har hatt liten eller ingen gjødselpåverknad, men nokre parti, særleg inntil sitar og fornminne synest gjødsla eller mest stelt som plen. Lokaliteten vert ikkje beita.

*Framande artar:*

Sitkagra, platanlønn, haustberberis, kjempebjørnekjeks (alle svært høg risiko) småblada mispel (ulike artar varierer frå låg til svært høg risiko) raudhyll (høg risiko) og stikkelsbær (låg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Framande artar bør fjernast. Ein stor del av busk- og hassel/rognkjerret bør også fjernast og etterpå haldast nede. Beite med nokre få sauer (haust-vinter) kan vere ein måte å halde vegetasjonen låg. Gjødsling og tilleggsføring må unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:*

Tinghaug er ein markert høgde som ligg i kulturlandskapet på Jæren med både fulldyrka mark og meir ekstensivt drivne marker omkring.



*Verdigrunninging:*

Ut frå nye verdisetjingskriterium gis lokaliteten middels vekt for kriteria artsmangfald og tilstand/hevd, medan raudlisteartar og storleik gir høg vekt. Verdien vert vurdert til å liggja på grensa mellom B og A, men er valt sett til *svært viktig* (A). Skjøtsel med rydding og beite vil auka og underbyggja verdien.



*Tørrbakke på den høgaste toppen.*



*Grasbakke i nord med svartartknapp, firkantperikum og sandvier. Hasselkjerr og rogn er i spreining.*



*Knollerteknapp og svartartknapp.*



*Tørrbakke i sørhallinga med bl.a. hårsveve, skogsveve, beitesveve, strandkjempe og blåklukke.*



### *Tinghaug, hasselkratt*

**Naturbase ID:** NY

**Ecofact ID:** Eco056b

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 04.09.2014

**Areal:** 2,2 daa

**Hovudnaturtype:** Skog (F)

**Naturtype:** Rik edellauvskog (F01)

**Delnaturtype:** Lågurt-hasselkratt (F0103)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 04.09.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skreven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men er no delt i to naturtyper. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær s god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Rik edellauvskog* (Brandrud 19.05.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Tu litt nord for Bryne i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten amfibolitt og glimmerskifer som kan gi grunnlag for rikare planteflora. (NGU). Lausmassedekket varierer frå tynt til tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i

boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten ligg i den austlege hallinga ned frå Tinghaug. Her har det vore eit parti med skog i lang tid. Denne har spreidd seg særleg mot sør og inn i beitemarka. I nord er det relativt djupt jordsmonn, medan det mot sør vert tynnare og går over i blokkrik, steinete rasmark på sørsida av Tinghaugen. I tillegg til hassel finst litt eik, men berre yngre individ. Feltsjiktet er sparsamt med gaukesyre og raud jonsokblom som dei vanlegaste artane. I sør vert ormetelg, skogburkne, sisselrot og stankstorkenebb vanlegare i det grunnen vert meir ur-prega.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert i 2014, men frå tidlegare er det nokre funn som er lokalisert til Tinghaug eller i nærleiken (sjå lokaliteten Tinghaug, naturbeitemark).

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Området vert mykje brukt som turområde.

*Framande artar:*

Sitkagra, platanlønn, haustberberis, (alle svært høg risiko) småblada mispel (ulike artar varierer frå låg til svært høg risiko) raudhyll (høg risiko) og stikkelsbær (låg risiko) vart registrert., men er ikkje spesielt framståande.

*Skjøtsel og omsyn:*

Skogen bør få utvikla seg utan inngrep, anna enn å fjerna framande artar. Små lønnetre bør ikkje få verte store og setja frø. Daud-ved bør få stå eller verte liggjande.

*Del av heilskapleg landskap:*

Tinghaug er ein markert høgde som ligg i kulturlandskapet på Jæren med både fulldyrka mark og meir ekstensivt drivne marker omkring.

*Verdigrunninging:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria vert verdien vurdert til *viktig* (B).





### *Grønhaug*

**Naturbase ID:** BN00009173

**Ecofact ID:** Eco058

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 02.09.2014

**Areal:** 8,0 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Beitevåteng (D0432)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 02.09.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skreven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og er i liten grad justert. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særst god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg på Grønhaug vest for Bryne i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert

granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er i stor grad torv og myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Naturtypen er sett til naturbeitemark og delnaturtype *beitevåteng* (D0432) på grunnlag av lite samanhengande torvmosedekning og mykje opne vasshol. Lokaliteten er svært tuete, grensar til gjødsla beitemark og er derfor noko gjødselpåverka i kantane. Ein fin førekomst av breitt dunkjevle syner god næringstilgang. Jåblom, myrsaulauk og kysttjønnaks er registrert tidlegare, men ikkje funne att no. Vanlege artar er flaskestorr, stolpestorr, grønstorr, kornstorr, stjernestorr, ryllsiv, finnskjegg, torvull, duskull, myrhatt, bukkeblad, andemat, mannasøtgras, dikeminneblom, sverdlilje, broddtelg, rome, myrfiol, knappsiv og lyssiv i dei fuktige områda. På tuene eller i kantane kor det er litt tørrare veks klokkelyng, røsslyng, tyttebær, blåknapp, finnskjegg, og krypvier.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten vert beita av storfe.

*Framande artar:*

Ingen vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Beite bør oppretthaldast. Gjødsling bør avgrensast i størst mogleg grad. Elles er det ikkje naudsynt med anna skjøtsel no.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunniving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria får artsamangfald og tilstand/hevd middels vekt, medan storleik får høg vekt. Verdien vert vurdert til *viktig* (B).



### *Kvernholen, kystmyr*

**Naturbase ID:** BN00009226

**Ecofact ID:** Eco059

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 02.09.2014

**Areal:** 22 daa

**Hovudnaturtype:** Våtmark (A)

**Naturtype:** Kystmyr (A11)

**Delnaturtype:** Anna kystmyr (A1104)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 02.09.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men er no delt i to naturtyper og redusert litt grunna arealendring. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særskilt god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystmyr* (Lyngstad, Moen & Øien, 30.04.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg i Kvernholen like vest for Bryne sentrum i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket

er torv og myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ei skogkledd myr der dei fuktigaste delane har utforming som sumpskog. Bjørk er det dominerande treslaget, men med innslag av selje og rogn. Skogen er blitt svært tett, men han er ikkje gamal. Han har vakse opp i løpet av dei siste 50 åra. Nokre stader er det relativt tørt med tuer av blåtopp og mykje sauettelg/broddtelg mellom trea. Andre stader har det vorte svært tørt og artsfattig fordi trea står tett, medan somme stader står trea mest i vatn og området er kledd med storbjørnemose, torvmosar og smyle. Det er eit underleg område, vanskeleg å plassera i ein naturtype, men det er valt å setja det til *kystmyr* (A11) og utforminga *anna kystmyr* (A1104) på grunnlag av NGU sin lausmassekategori samt ortofoto frå 1963 (Norge i bilder.no) som syner eit heilt trelaust område. I vest er det eit område som framleis ber preg av open, tradisjonell myr med blåtopp, pors, klokkelyng, blokkebær og røsslyng.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlistearter vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten er ikkje i bruk. Myra er svært attgrodd med bjørk, men det er ikkje tydelege spor av påverknad som grøfting eller torvuttak. Det er laga ein veg og lagringsplass inne i det opphavlege myrområdet i sørvest. Langs vegen i søraust er det avgrensa eit område kor det det no går hestar på beite. Dette arealet har altfor stor tråkkslitasje og hestane fôrast med silo.

*Framande artar:*

Ingen.

*Skjøtsel og omsyn:*

Usikker på kva skjøtsel som vil vere best her, om det er å prøva å restaurere myrområdet ved fjerne trea, eller det er å la området utvikla seg sjølv. Utviding av lagringsplassen og ytterlegare dumping av avfall her bør hindrast. Avfall bør fjernast. Det noverande hestebeitet er for hardt, men lokaliteten kan ha godt av eit visst beite.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunningving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria skal anna kystmyr gis minst middels vekt. Regionale plassering tilseier høg vekt, medan storleik tilseier middels vekt og tilstand truleg berre har låg vekt grunna attgroing. Verdien vert under tvil sett til *viktig* (B).







### *Kvernholen*

**Naturbase ID:** NY

**Ecofact ID:** Eco059b

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 02.09.2014

**Areal:** 4,1 daa

**Hovudnaturtype:** Andre viktige førekomstar (H)

**Naturtype:** Rik edellauvskog (F01), Beiteskog (D06)

**Delnaturtype:** Lågurt-eikeskog (F0101), Beiteskog i edellauvskog (D0602)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 02.09.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skriven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men er no delt i to naturtyper. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær god. Vurdering og verdsetting fylgjer DN-handbok 13 for *Andre viktige førekomstar* (H).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg i Kvernholen like vest for Bryne sentrum i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten *diorittisk til granittisk gneis og migmatitt*, og vidare av underbergart *glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt* (NGU). Lausmassedekket er torv og myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten ligg på ein liten, skarpt avgrensa kolle, og grensar til myr i nordaust, dyrka mark i nord og vest og grusvegen i sør. Kollen var mest heilt trelaus i 1963. Mot vegen i sør stod likevel allereie då nokre eiketre som no er vidkrona og ofte med fleire stammar i staden for ein grov stamme. Gras- og blomevegetasjonen som må ha kledd kollen tidlegare er no intakt berre høgast oppe og på toppen som ennå er open og ikkje attvaksen med skog. Området har truleg opphavleg vorte beita, men beite må ha teke slutt tidleg slik at skogen fekk veksa slik han er no. I sør og aust er det mykje eik, i stor grad unge tre, men særleg i sør er det nokre individ som er eldre. Elles er det innslag av bjørk, mest i nord og vest, samt hassel, rogn og osp. Feltsjiktet i skogen er stadvis svært sparsamt, men skogburkne, smyle, bergkvein, tepperot, bringebær og kystkransemose. Mot toppen vert feltvegetasjonen meir slutta og beitemarkartar kjem inn. Slike artar er blåtopp, engkvein, bergkvein, gulaks, knegras, tepperot, blåklokke, engsyre, skogfiol, lifiol, fagerperikum, legeberonika, krossknapp, knollerteknapp, svartertekknapp og fuglevikke. Mørkfiolett slørsopp veks i overgangen mellom skog og open grasmark. I skogen på nordsida var ein stor, flott førekomst av raud flugesopp.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert, men det kan vere potensial for raudlisteartar knytt til eik, særleg dei eldre trea. Det er tidlegare funne fleire plantar med solblom (VU) på kollen (Temakart Rogaland, Imsland 1997). Andre interessante artar er svartertekknapp som ikkje er så vanleg i regionen og mørkfiolett slørsopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten er ikkje i bruk til anna en tur langs nokre stiar. Elles er det ikkje inngrep.

*Framande artar:*

Ingen.

*Skjøtsel og omsyn:*

Eiketrea bør få utvikla seg naturleg. Skogen bør likevel haldast open og ein del bjørk bør tynnast.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunninging:*

Ut frå artsamangfald og tilstand til dei naturtypane som er skildra vert verdien til området sett til *lokalt viktig* (C).



Beitemarkpreg på toppen av kollen. Mørkfiolett slørsopp.

Raud flugesopp



### *Mærbakken*

**Naturbase ID:** BN00009225

**Ecofact ID:** Eco060

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 02.09.2014

**Areal:** 7,9 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Hagemark (D05) i mosaikk med Store gamle tre (D12)

**Delnaturtype:** Fattig hagemark med boreale tre (D0514), Selje (D1215), Ask (D1209)

**Verdi:** A

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 02.09.2014 og 13.01.2015.

**Stadkvalitet:** < 20 m

### **Områdeskildring**

#### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik oktober 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert i høve til tidlegare. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for Hagemark (Svalheim 30.05.2014) og Store gamle tre (Jordal 02.06.2014).

#### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg langs Roslandsåna like aust for Bryne sentrum i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt

enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassane er av tjukt morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Området består av ei kupert beitemark på nordsida av Roslandsåna. Dei flataste partia av beitemark som ligg lengst frå elva er i stor grad gjødsla. Vegetasjonen er grasrik, stekt beita ned og med innslag av mange nitrofile, gjødseltolerante artar, bl.a. ugrasløvetann, høymole, stornesle, engrapp, hundegras, landøyda, mfl. Desse områda er ikkje tatt med i avgrensinga. Langs elva går ein stein- og grusrygg med lite jordsmonn og bratt halling ned mot elva. Også her veks de svært mykje løvetann, men i tillegg finst det innslag av fine naturbeitemark- og tørrbakkeartar som smalkjempe, småsyre, skjermesveve, hårsveve, beitesveve, ryllik, blåklokke, kvitkløver, raudkløver, følblom, fuglevikke, jonsokkoll, raud jonsokblom, engsyre, gulaks, engkvein, smyle og raudsvingel. Det er tidlegare òg funne bakkestjerne, grasstjerneblom, lodnefaks og markfrytle. På denne grusryggen er det fleire store, gamle tre. Dei fleste er seljer, men òg ask, rogn og platanlønn finst med bra storleik. Ikkje alle fell inn under definisjonen av store gamle tre, men mange har ei karakteristisk form med vide, store kroner. På bakgrunn av tørrbakkevegetasjonen og tresettinga er området sett i naturtypen hagemark (D05). Dei store trea som har omkrins >200 cm og kan utgjere eigne naturtypar, men er berre skildra i denne samanhengen. Det gjeld ni seljer og ei ask. Dei fleste seljene har ei karakteristisk fleirstamma utforming der hovudstammen ikkje rekk 1 meter over bakken før han deler seg. Før deling er stammene 200-460 cm i omkrins. Ei selje er einstamma med fin, vid krone. Dette treet har ein omkrins på 310 cm i brysthøgde. Mange har grov bark og daude greiner. Det vart ikkje funne spesielle eller raudlista artar på trea, men dette kan ikkje utelukkast ved nærare ettersyn. Der er også store tre av rogn, men ikkje over 200 cm i omkrins.

*Artsmangfald:*

Berre ask (NT) vart registrert av raudlisteartar. Eit av de trea er fleirstamma og har omkrins på 270 cm, det er potensial for å finna slike på dei gamle trea. Det vart funne mange eksemplar av beitemarksoppn spiss vokssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Det er beite av storfe på beitemarka som naturtypen er ein del av, men det delen som er avgrensa er nok i mindre grad brukt.

*Framande artar:*

Sitkagran, platanlønn, bulkemispel (alle svært høg risiko) småblada mispel (ulike artar varierer frå låg til svært høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Framande artar bør fjernast. Dei store trea må få stå urørt og utvikla seg naturleg. Mindre tre som veks opp innimellom kan ryddast i nokon grad for å sikra at lyskrevjande artar kan overleva.

*Del av heilskapleg landskap:*

Naturtypen dannar ein naturleg kantvegetasjon til Roslandsåna og er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunninging:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria for hagemark kan området vurderast 1) med hovudvekt på biologisk mangfald knytt opp mot feltsjikt og det landskapsøkologiske aspekt, eller 2) med fokus på store gamle tre. Ved bruk av verdsettingsmatrise for punkt 1) får lokaliteten låg vekt på parametrane raudlisteartar, grunntypevariasjon, tal engartar, nærleik til andre verdifulle kulturmarker (det er likevel <200 m til næraste verdsette kystmyr og edellauvskog) og del av tradisjonelt gardslandskap. Lokaliteten får middels vekt på tilstand og høg vekt på førekomst av store, gamle tre, >5 og storleik. Ved bruk av verdsettingsmatrise for punkt 2) vert verdien vurdert ut frå tre-eigenskap på enkelttre. Nokre av trea har så stor omkrins og grove sprekkar i barken at det gir lokaliteten høg vekt på desse parameterane. Holrom, vedmold og parti med død ved var lite til stades. Ein raudlisteartar, ask (NT), tilseier låg vekt. Lokaliteten har ein fin framtoning og vert samla sett vurdert til *svært viktig* (A).



*Stor, gamal ask, 270 cm omkrins ved basis.*



*Stor ask, men ikkje over 200 cm.*



*Stor, gamal, fleirstamma selje, 350 cm ved basis.*



*Stor, gamal, fleirstamma selje, 460 cm ved basis.*



*Fint tørrbakesamfunn..*



*Stor, gamal, einstamma selje, 310 cm ved brysthøgde.*



Foto: Knut Børge Strøm.

## *Torvholen*

**Naturbase ID:** BN00009176

**Ecofact ID:** Eco062

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 28.08.2014

**Areal:** 37 daa

**Hovudnaturtype:** Våtmark (A), Ferskvatn (E)

**Naturtype:** Kystmyr (A11), Rik kulturlandskapssjø (E08, etter DN-handbok 13, 2006)

**Delnaturtype:** Anna kystmyr (A1104)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Knut Børge Strøm 28.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

## **Områdeskildring**

### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik januar 2015 etter innspel frå Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert litt grunna drenering og gjødsling. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere særskilt god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystmyr* (Lyngstad, Moen & Øien, 30.04.2014) og *Rik kulturlandskapssjø* (E08, etter DN-handbok 13, 2006) då parameterane i nye faktaark ikkje er tilfredsstillande undersøkt.

*Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg søraust for Pollestad i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er torv og myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Dette er eit område med relativt store variasjonar med omsyn til tilstand og hevd. I hovudsak er det eit større myrområde med tre små innsjøar, tjørner, innanfor avgrensinga. Myra vert på grunnlag av geografisk plassering og utforming sett til naturtypen *kystmyr* og delnaturtypen *anna kystmyr* (A01104) og har fattig tuemyr-utforming. Innsjøane fell inn under *rik kulturlandskapssjø* (E08) med helofytt-vegetasjon. Myrarealet vert beita, og særleg i nord, har høgt beitepress ført til dominans av graminidar. Dei mest intakte og upåverka areala finst i nærleiken av tjørna kor det er svært fuktig. Det er her dei største verdiane finst, blant anna representert ved førekomstar av den raudlista arten nikkebrønsl (VU). Andre karakteristiske artar i lokaliteten er flaskestorr, myrhatt, duskmyrull, torvmyrull, kjempepiggnopp, sverdlilje, grøftsoleie og broddtelg. Andemat finst i tjørna og andre vasshol i myra. På tørrare område veks klokkelyng, røsslyng, pors, tyttebær, krekling, tepperot, blodtopp, sølvbunke, smyle og lyssiv.

*Artsmangfald:*

Berre nikkebrønsl (VU) vart registrert. Det er ein svært stor og fin førekomst i den nordlegaste tjørna. Elles veks han også i kanalar og grøfter, samt med mindre førekomstar i dei to andre tjørna. Lokaliteten er viktig for våtmarksfugl.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Heile lokaliteten vert beita, men med høgast beitepress i nordleg del. Nærast tjørna, og mest i sør, er beitepresset meir skånsamt. Frå dei to sørlegaste tjørna har det vorte grav dreneringskanalar og flybilet (Norge i bilder.no, 1963) syner at det har vore omfattande torvuttak i heile myra. Spreidd oppslag av rogn og sitkagran finst.

*Framande artar:*

Sitkagran, platanlønn, haustberberis (alle svært høg risiko) småblada mispel (ulike artar varierer frå låg til svært høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Lokaliteten bør fortsatt beita, men ein viss reduksjon i beitepresset i nord vil vere positivt.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunninging:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria for anna kystmyr vert verdien vurdert til *viktig* (B). Lokaliteten er påverka av drenering og torvuttak, men tilstand og utforminga no tilseier

svak påverknad. Lokaliteten har geografisk plassering og storleik som tilseier middels verdi.



*Stor, flott førekomst av nikkebrønsle (VU) i den nordlegaste tjørna. Foto: Knut Børg Strøm.*



*Utsikt ved den største tjørna. Foto: Knut Børg Strøm.*



*Utsikt ved og over den austlegaste tjørna. Foto: Knut Børg Strøm.*





Foto: Knut Børg Strøm.

## *Pollestadmyra*

**Naturbase ID:** BN00009177

**Ecofact ID:** Eco063

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 28.08.2014

**Areal:** 23 daa

**Hovudnaturtype:** Våtmark (A)

**Naturtype:** Kystmyr (A11)

**Delnaturtype:** Anna kystmyr (A1104)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Knut Børge Strøm 28.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

## **Områdeskildring**

### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrevet av Solbjørg E. Torvik januar 2015 etter innspel frå Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er sterkt redusert grunna utbygging, anna arealendring, etablering av grusveg og attgroing. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Kystmyr* (Lyngstad, Moen & Øien, 30.04.2014).

*Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg søraust for Pollestad i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er torv og myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtyper, utformingar og vegetasjonstypar:*

Myra vert på grunnlag av geografisk plassering og utforming sett til naturtypen *kystmyr* og delnaturtypen *anna kystmyr* (A01104) og har fattig tuemyr-utforming med enkelte fuktige innslag. Sentralt i lokaliteten går eit skilje frå meir tuete, blåtopp-dominert utforming mot fuktigare areal til våteng kor det står vatten i dagen. Blåtopp er ein mengdeart i lokaliteten, men lyngartar er også vanlege, røsslyng, klokkelyng, blokkebær, tyttebær, blåbær, krekling og tranebær. Andre karakteristiske myrartar er myrhatt, broddtelg, trådsiv, flaskestorr, rome, duskmyrull, torvmyrull, bjønnskjegg, stolpestorr, øyrevier, samt tepperot. Myra er sterkt prega av attgroing, men dei opne areala er fine og har eit representativt artsinventar for naturtypen. Kjernen av lokaliteten gir inntrykk av fin, intakt kystmyr.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert. Lokaliteten er viktig for våtmarksfugl.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Myra ligg tett innklemmt i eit bustadområde med bustader på den eine sida og idrettsanlegg og skule på den andre. Det er òg i seinare år kome industribygg tett attmed, og på areal som før var myr, samt grusveggar som går gjennom området. Frå gamalt av har myra vorte påverka av omfattande grøfting og torvuttak. Dette syner på flybilette frå 1963 (Norge i bilder.no). Det er ingen aktiv hevd i området no, og dette har ført til stort oppslag av tre som bjørk, rogn, furu og sitkagran.

*Framande artar:*

Berre sitkagran (svært høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Lokaliteten bør ryddast for gjengroingsartar som bjørk, rogn, furu og sitkagran. Framande artar og søppel/avfall bør fjernast. Det vurderast slik at ved aktivt skjøtselsarbeid har lokaliteten potensial til å vert eit svært flott restareal av kystmyr tett på busetnad i eit område kor slike areal er sterkt pressa.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunngeving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria for anna kystmyr tilseier tilstand ved graden av påverknad, kanskje at han ikkje skulle vorte avgrensa som naturtype. Det er likevel valt å gje lokaliteten verdien *lokalt viktig* (C) på grunnlag av at han ligg i eit område kor presset på myr har vorte svært stort og det er viktig å ta vare på dei resterande areala.

Lokaliteten har geografisk plassering og storleik som tilseier middels verdi og vil med rett skjøtsel kunne oppnå høgare verdi.





Foto: Knut Børge Strøm.

## *Lynghaug*

**Naturbase ID:** BN00009178

**Ecofact ID:** Eco064

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 27.08.2014

**Areal:** 16 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Beitevåteng (D0432), Fattig beitetørreng (D0428)

**Verdi:** B

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Knut Børge Strøm 27.08.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

## **Områdeskildring**

### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skrive av Solbjørg E. Torvik januar 2015 etter innspel frå Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase og avgrensinga er berre i liten grad justert. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg søraust for Pollestad i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart

glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er delvis torv/myr og morenemateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ei stor naturbeitemark som har hatt lite eller inga hevd i seinare tid, men naturtilstanden er likevel relativt god. Det er varierende fuktregime i lokaliteten og stadvis finst større og mindre søkk kor det er svært fuktig *beitevåteng* (D0432). Heile lokaliteten er relativt tua og varierer elles mellom utforminga fattig beitetørreng (D0428) og fattig beiteeng (D0430). Vanlege artar er gulaks, blåtopp, smyle, tepperot, blåklokke, tiriltunge, ryllik, røsslyng, raud jonsokblom, smalkjempe, strandkjempe, beitesveve, fuglevikke, gullris, englodnegras, slåttestorr, engsoleie, lyssiv og trådsiv. I våtenga er det tilnærma monotont samfunn av myrhatt og flaskestorr.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlisteartar vart registrert.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten er ikkje i bruk som beite no, og ber preg av gjengroing. Han synest ikkje å vera påverka av gjødsling. Stadvis er det mykje strølag.

*Framande artar:*

Ingen vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Sauebeite bør takast opp att i lokaliteten.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt.

*Verdigrunninging:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria får artsamangfald, raudlisteartar og tilstand/hevd låg vekt, medan storleik har høg vekt. Verdien vert sett til *viktig* (B) ut frå at det er svært få slike område att på Jæren og dei er under stort press.



*Beitevåteng. Foto: Knut Børg Strøm.*



## *Orre*

**Naturbase ID:** BN00009153

**Ecofact ID:** Eco066

**Kommune:** Klepp

**Dato:** 04.09.2014

**Areal:** 2,6 daa

**Hovudnaturtype:** Kulturmark (D)

**Naturtype:** Naturbeitemark (D04)

**Delnaturtype:** Fattig beitetørreng (D04028), Fattig beiteeng (D04030)

**Verdi:** C

**Undersøkt/kjelder:** Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 04.09.2014. Naturbase.

**Stadkvalitet:** < 20 m

## **Områdeskildring**

### *Innleiing:*

Arbeidet er gjort i samband med revidering av registrerte naturtyper i Klepp kommune av Ecofact. Oppdatering av faktaark er skreven av Solbjørg E. Torvik desember 2014. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men avgrensinga er redusert grunna arealinngrep. Avgrensinga er sett på grunnlag av synfaring og ortofoto, og er vurdert å vere sær sars god. Vurdering og verdsetting av lokaliteten fylgjer forslag til faktaark for *Naturbeitemark* (Bratli 30.04.2014).

### *Stad og naturgrunnlag:*

Lokaliteten ligg langs Orreelva sør for Orrevatnet i Klepp kommune. Berggrunnen består av hovudbergarten diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, og vidare av underbergart glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt enkelte kroppar

av foliert granitt, granodioritt og amfibolitt (NGU). Lausmassedekket er marin strandavsetning (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon og humid underseksjon (BN-O3h).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:*

Lokaliteten er ein liten rest på ei høgde i kulturlandskapet som ikkje er dyrka. Området har truleg vorte nytta til beite, men dette er ikkje tilfelle no. Området er noko tørkeutsett på toppen, kor utforminga er sett til *fattig beitetørreng* (D04028), men har ei friskare utforming, *fattig beiteeng* (D0403), ned mot elva, Vegetasjonen er i stor grad store gras og urter, slik som strandrøyr, skogrøyrkvein, mjødurt, vendelrot, engsyre, knappsiv, kveke, raudsvingel, bringebær, geitrams og kattehale. I tillegg finst myrhatt, fuglevikke, smalkjempe, hårsveve, strandkjempe, engkvein og sandstorr. Gulmaure syner likevel eit litt rikare område.

*Artsmangfald:*

Ingen raudlista planteartar vart registrert, men det er fleire registreringar av raudlista fuglar i nærleiken.

*Bruk, tilstand og påverknad:*

Lokaliteten er ikkje i bruk. Det går ein gamal veg i kanten av lokaliteten. Elles er den i liten grad prega av framande artar, attgroing, slitasje eller gjødselpåverknad.

*Framande artar:*

Bulkemispel (svært høg risiko) vart registrert.

*Skjøtsel og omsyn:*

Lokaliteten vil ha godt av eit visst ekstensivt beite av småfe. Sandgrunnen tåler relativt lite tråkk.

*Del av heilskapleg landskap:*

Lokaliteten er ein restlokalitet i eit intensivt drive jordbrukslandskap. Dette særprega og intensivt drivne Jær-landskapet er av stor nasjonal verdi og det er viktig for biologisk produksjon, variasjon og oppleving av dette landskapet at restareala ikkje vert øydelagt. Det er tilsvarande lokalitetar nærare stranda.

*Verdigrunngeving:*

Ut frå dei nye verdsettingskriteria får artsamangfald, raudlisteartar og tilstand/hevd låg vekt, medan storleik har høg vekt. Verdien vert vurdert til *lokalt viktig* (C).

## 6 KJELDER

I tillegg til kjelder, inneheld referanselista dei viktigaste identifikasjonsbøker og nettstader som er nytta i samband med artsbestemming.

---

Arkeologisk museum i Stavanger og Rogaland Fylkeskommune

(<http://www.fornminner.no/AmS/51-helleberget/buplass-bygdeborg.htm>)

Artskart: Karttjeneste fra Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>)

Berggrunn: Nasjonal berggrunnsdatabase fra Norges Geologisk Undersøkelse

(<http://geo.ngu.no/kart/berggrunn/>)

DN - Direktoratet for naturforvaltning 2007. *Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold*. DN-håndbok 13, 2. utgave 2006 (oppdatert 2007).

(<http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/DN-handboker/Kartlegging-av-naturtyper---verdisetting-av-biologisk-mangfold/>)

Naturbase: Karttjeneste fra Miljødirektoratet (MD)

(<http://geocortex.dirnat.no/silverlightViewer/?Viewer=Naturbase>)

Norge i bilder.no: Ortofoto frå fleire ulike år. <http://www.norgebilder.no/>

Fremstad, E. 1997. *Vegetasjonstyper i Norge*. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. *Truete vegetasjonstyper i Norge*. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. *Fremmede artar i Norge – med norsk svarteliste 2012*. Artsdatabanken, Trondheim.

(<http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/>)

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. *Norsk rødliste for artar 2010*. Artsdatabanken, Norway. (<http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/>)

Lid, J. & Lid, D. T. 2005. *Norsk flora*. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. *Norsk rødliste for naturtyper 2011*. Artsdatabanken, Trondheim. (<http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/>)

Moen, A. 1998. *Vegetasjon. Nasjonalatlas for Norge*. Statens kartverk, Hønefoss.

Mossberg, B. & Stenberg, L. 2003. *Gyldendals store nordiske flora. Revidert og*



*utvidet utgave*. Norsk utgave Gyldendal Norsk Forlag 2007.

Fylkesmannen i Rogaland 2011. Forfatter: Berge, T. *Forvaltningsplan for Alvevatnet naturreservat, Klepp kommune, Rogaland*. Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga.

Temakart Rogaland: (<http://www.temakart-rogaland.no/default.aspx?gui=1&lang=3>)